

A dark blue vertical bar runs down the left side of the page. A blue arrow-shaped graphic points to the right from the bar, containing the date.

08/11/2021

Revisjon av kommuneplanens arealdel for Lom kommune 2021-2030

Samanfatting av uttaler
og innspel ved 1. gongs
offentleg høyring og
ettersyn.

Innhald

1.	Kari Opsahl – e-post 19.07.2021 (dok. nr. 15).....	4
2.	Statens Vegvesen – brev 06.09.2021 (dok. nr. 28).....	4
	Nye bustadområde.....	4
	Næringsområde.....	4
	Gang- og sykkelveggar.....	4
3.	Norsk ornitologisk foreining Sel og Ottadalen – brev 05.09.2021 (dok. nr. 29).....	5
4.	Lom bonde- og småbrukarlag – brev 06.09.2021 (dok. nr. 30).....	5
5.	Hans M. Graffer – e-post 06.09.2021 (dok. nr. 31).	6
	Området ved Svartlia seter.	6
	Hyttfelt Lunnarplassen.	6
	Seterområde ved Tesse.....	7
	Næringsareal på Lågkollen.	7
6.	Røros Takst AS v/Ole Erik Feragen – epost 07.09.2021 (dok. nr. 32).....	7
7.	Lom Fjellstyre – Uttale gjeve i samband med møte i fjellstyret 06.09.2021 (dok. nr. 33).....	8
	Byggeområde for fritidsbustadar.	8
	Endring av arealbruksformål rundt reiselivsverksemdar.	9
	Ymse føresegnar bygg og anlegg.....	9
	Område for råstoffutvinning	9
	Tilsynsbuer, skogshusvære m.m. i LNF område.....	9
	Føresegnar om turstiggar og tilrettelegging for friluftsliv i LNFR område.....	10
	Område med særlege omsyn til bevaring av kulturmiljø.....	10
8.	Odd Repp – brev 07.09.2021 (dok. nr. 34).	10
9.	Kari Ramen, Hans Slålien, Liv og Øyvind Angard – brev 06.09.2021 (dok. nr. 35).	11
10.	Sylfest Ødegård – e-post 08.09.2021 (dok. nr. 36).....	11
11.	Direktoratet for mineralforvaltning – brev 08.09.2021 (dok. nr. 37).....	12
12.	Marit Øyberg og Geir Nilsen – brev 08.09.2021 (dok. nr. 39).....	12
13.	Setereigarar på Nåvårseter – brev 05.09.2021 (dok. nr. 41).....	13
14.	Mariann Skjedsvoll og Torgeir Verlo Olsen – brev 08.09.2021 (dok. nr. 42).	14
15.	Finndalsvegen ved leiar Hallgeir Vang – e-post 08.09.2021 (dok. nr. 43).....	14
16.	Odd Egil Øyen – e-post 08.09.2021 (dok. nr. 44).	15
17.	Styret i Lom Bondelag – brev 07.09.2021 (dok. nr. 45).....	15
18.	Gaute Elvesæter Helland – brev 09.09.2021 (dok. nr. 46).....	15
	Tesseområdet.....	16
	Lunnarplassen-Hardbakkjen, BF08_f.....	16
	Merknad til planføresegnene pkt. 5.1.2.....	16

Samferdselsanlegg.....	16
Tamrein.	16
19. Styret i Meadalen utmarkslag – brev 08.09.2021 (dok. nr. 47).....	17
Hyttefelt BF08_f.	17
Andre felt på Meadalen.....	17
Sentrumsnære hyttetomter.	17
20. Geir Marstein – e-post 09.09.2021 (dok. nr. 49).....	18
21. Kjell Brandsar – e-post 10.09.2021 (dok. nr. 50).....	18
Gang- og sykkelveg Nissegården – Ekre GSV01.....	18
Gang- og sykkelveg Ekre – Skjåk grense GSV02.	18
Generelt for både strekningane.	18
22. Setereigarar og beitebrukarar på Nordseter, brev 13.09.2021 (dok. nr. 52).....	18
23. Erik Visdal og Synnøve Aukrust – brev 15.09.2021 (dok. nr. 54).....	20
24. Statskog – brev 17.09.2021 (dok. nr. 56).	21
25. Mattilsynet – brev 14.09.2021 (dok. nr. 57).....	21
Drikkevatt som ein del av kommuneplanen.....	22
Drikkevatt og samfunnstryggleik.	22
Drikkevatt og leveringssikkerheit.	22
26. Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen – brev 22.09.2021 (dok. nr. 58).	22
27 Statsforvaltaren – samordning av statlege motsegner – brev 23.09.21 (dok. 59 a).....	23
Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) har fremma motsegn til:	23
Statsforvaltaren i Innlandet har fremma motsegn til:	23
28 Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE), brev 22.09.2021 (dok. nr. 59b).	24
Uttak av masser i vassdrag – områder for råstoffutvinning.....	24
Verna vassdrag	25
Naturfare - omsynssoner.....	25
Overvatt	25
Vassuttak	26
29 Statsforvaltaren i innlandet, brev 23. 09.2021 (dok. nr. 59c).	26
Jordvern.....	26
Barn og unge.	27
Bustader.	27
Fritidsbustadar	28
Fritids- og turistformål	28
Råstoffutvinning – vidareført frå gjeldande kommuneplan.....	29
Samferdselsanlegg – nye strekningar med gang- og sykkelveg.	31

	LNFR for spreidd utbygging av bustadar.	31
	LNFR for spreidd utbygging av fritidsbustadar.....	31
	Kyrkjer og kyrkjegardar.	32
	Framlegg til kommuneplanføresegner.....	32
	Reindrift.....	33
	Samfunnstryggleik og beredskapsomsyn.....	33
30	Innlandet fylkeskommune, brev 21.09.2021 (dok. nr. 60).....	34
	Fritidstomter/bustadar.....	35
	Omsynssone H570 – område med særlege omsyn til bevaring av kulturmiljø (føresegnene 7.2.3). 36	
	H570_4 og H570_5 - Bøverdalen kyrke og Garmo kyrke.	37
	Fylkeskommunedirektøren sine merknadar til føresegnar og retningslinjer.	37
	Vassdrag	38
31	Nasjonalparkstyret for Reinheimen, brev 29.09.2021 (dok. nr. 61).	38
32	Setereigarar i Fugleseterområdet i Vågå, brev 30.09.2021 (dok. nr. 62).....	39
33	Naturvernforbundet i Ottadalen og Sel, brev 30.09.2021 (dok. nr. 63).....	40
	Bjønnskardet BF14_f	41
	Nåvårsetervangen BF12_f	41
	Nordsetrene BF01_f og BF05_f.	42
	Lunnarplassen – Hardbakkjen BF08_f.....	42
	Leirhøe-Borgakampen BF13	43
34	Vågå Bonde- og Småbrukarlag, brev 30.09.2021 (dok. nr. 64).	43
35	Storhaugen gard AS, e-post 30.09.2021 (dok. nr. 66).	44
36	Brimi Fjellstugu AS , e-post 30.09.2021 (dok. nr. 67).....	46

1. Kari Opsahl – e-post 19.07.2021 (dok. nr. 15).

Opsahl skriv at det er positivt at det er forslag til fleire område tiltenkt bygging i Garmo. Skal vi få folk til å busette seg i Lom kommune må vi ha hus dei kan leige, og vi må ha byggeklare tomter.

Opsahl skriv vidare mellom anna at dei i Frisvoldskogen er så heldige at dei har ein stor idrettsbane midt i feltet. Der er det bane, gapahuk, bane for skateboard, isbane om vinteren, skiløype osv. Ho skriv at området er eit naturleg samlingspunkt for folk i alle aldrar. Ho skriv at det i tillegg er det ein leikeplass i øvre feltet. (7/2 F5). Søre enden av leikeplassen har ikkje vore brukt på 20-25 år. Det var der ei sykkelløype der. Nå er denne delen heilt vekse til. I nørdre del står det eit huskestativ, ei sandkasse og ei sklie. Ho skriv at det ikkje blir slått, og at plassen har ikkje vore vedlikehalde på mange år. Det er heilt naturleg da det sjeldan eller aldri er nokon som nyttar den, da dei ungane som bur i bustadfeltet er på Idrettsbana. Opsahl føreslår at dette området må bli omdisponert til tomter. Ho skriv at veg, vatn, kloakk, straum og breiband ligg klart.

2. Statens Vegvesen – brev 06.09.2021 (dok. nr. 28).

Statens Vegvesen (SVV) skriv at dei uttalar seg som forvaltar av riksveg på vegner av staten, og som statleg fagmyndigheit med sektoransvar innanfor vegtransport. Statens vegvesen sitt sektoransvar for vegnettet inneber eit overordna ansvar for at trafikkikkerheit, klima- og miljøomsyn, og heilskapleg bypolitikk blir ivaretatt i alle planforslag som vedkjem samferdsel.

Nye bustadområde.

SVV viser til at dei tre bustadområda i planforslaget, ligg i tilknytning til Frisvollskogen bustadfelt i Garmo, som er eit av grendesentra i kommunen. Dei skriv at det frå bustadfeltet er det gang- og sykkelveg fram til busshaldeplass langs rv. 15, og at skuleelevar i bustadfeltet med det har trafikkikker skuleveg.

SVV viser til at det i planen er det lagt inn eit nytt LNF-området for framtidig spreidd bustadbygging i Lia, langs fv. 2644, Flatmovegen. Dei skriv at det i samband med spreidd busetnad, er vanskeleg å sikre trygg tilkomst for gåande og syklande. SVV skriv at det til slike område, må leggjast vekt på nærleik til busshaldeplassar og trygg tilkomst.

Næringsområde.

SVV viser til at for næringsområde Lågkollen vest, BN01/BN03, som ligg inntil rv. 15 aust for Rådsbakken, er krav om utarbeiding av reguleringsplan før utbygging. SVV skriv at avkøyring til riksvegen her må bli avklara gjennom ein reguleringsplanprosess.

Gang- og sykkelveg.

SVV skriv at det er positivt at eksisterande og framtidige traséar for gang- og sykkelveg er lagt inn i plankartet for å synleggjere samanhengen i gang- og sykkelvegnettet. SVV viser til at ei realisering av gang- og sykkelvegnettet langs rv. 15, er avhengig av prioriteringar i Nasjonal transportplan.

3. Norsk ornitologisk foreining Sel og Ottadalen – brev 05.09.2021 (dok. nr. 29).

NOF Sel og Ottadalen er negativ til planane om bygging av fritidsbustadar i området Nordsætrin BF01, BF02 og BF03.

NOF skriv at det særleg er den lokale bestanden av orrfugl og lirype dei er uroa for. Dei skriv at utbygging vil legge beslag på viktige leveområde for fuglane. Dei skriv at orrfuglen mellom anna nyttar deler av dei råka områda som spel- og oppvekstområde. NOF skriv at for lirypa er furuskogen en kjærkommen vinterbiotop som gir le og mat, spesielt når det blåser og snør som verst.

Andre fugleslag NOF har observert i dei planlagde utbyggingsområda er jaktfalk, tårnfalk, varslar, trane, snøsporv, nøtteskrike, lavskrike, flaggspett, blåstrupe, lausangar, kjøttmeis og blåmeis.

NOF meiner generelt at dagens industrielle bygging av fritidsbustadar ikkje er naturvenleg. Dei viser til at fritidsbustadene nesten alltid vert lagt slik, at dyr og planter vert frårøva viktige og stadig større leveområde. NOF viser til at talet på fritidsbustadar no nærmar seg omlag 450.000. Omkring 70% har innlagt straum. NOF viser til at mange må køyre svært langt for å komme til fritidsbustadane og at bruken av snøskutarar og motorisert preparering av skiløyper er aukande. NOF skriv at dette medfører et stort forbruk av energi og utslepp av klimagassar, noko som i sin tur legger et ytterlegare press på naturen.

NOF Sel og Ottadalen skriv at dei ikkje er prinsipielt mot bygging av fritidsbustadar, men dei ber Lom kommune i samarbeid med nabokommunane, om å bygge vidare i allereie påbegynte utbyggingsområde, i staden for å spreie nye felt for fritidsbustadar ytterlegare i terrenget.

NOF skriv at det svært beklageleg og påfallande at utbygger ikkje sjølv blir pålagt å kartlegge naturverdiane i god tid før søknadsprosessen startar.

4. Lom bonde- og småbrukarlag – brev 06.09.2021 (dok. nr. 30).

Lom bonde- og småbrukarlag skriv at Lom kommune er i ei særstilling samanlikna med mange andre kommunar nettopp fordi det er bygd lite hytter. Dei visar til at kommunen har eit rikt reiseliv og mange lokale bedrifter som nettopp baserer verksemda si på at ein ikkje har bygd ned utmarka med hytter og andre inngrep. Lom bonde- og småbrukarlag viser til at innbyggjarar rundt omkring i landet tek til orde for å bremse hyttebygginga. Dei viser til at hyttebygging ikkje berre påverkar det området der hyttene fysisk blir bygd. Det blir vesentleg auka ferdsel i områda omkring og etterkvart større og mindre inngrep for tilrettelegging av aktivitetar i tilknytning til hytteområda. Lom bonde- og småbrukarlag viser til at det også har vore fleire konflikter mellom beitebrukarar og hytteeigarar i fleire område. I sum meiner Lom bonde- og småbrukarlag at opning for fritidsbustader vil forringe dei aktuelle områda som utmarksbeite.

Lom bonde- og småbrukarlag skriv at med stadig lågare sjølvforsyningsgrad og auka fokus på tap av natur og mangfald, må ein ha eit mykje sterkare vern av areal der ein både kan produsere mat og ivareta omsynet til leveområde for andre artar. Dei skriv at å sikre at vi i framtida er mest mogleg sjølvberga med rein mat er kanskje eitt av dei viktigaste tiltaka vi kan gjera for dei som kjem etter oss. Dei skriv at det difor er svært uheldig om Lom kommune nå tar initiativ til utbygging av fritidsbustadar i sentrale beiteområde.

Lom Bonde – og småbrukarlag skriv at Lom kommune bør trekkje ut områda som er lagt inn til fritidsbustadar. Dei meiner kommunen heller bør ha som prioritert å satse og stimulere landbruket, og vera ein aktiv medspelar for å oppretthalde dei bruka som framleis er i drift. Landbruket i Lom er samla sett ein hjørnestein i bygda, både i form av arbeidsplassar på den enkelte gard og kjøp av tenester frå andre bedrifter i bygda. Lom Bonde – og småbrukarlag skriv at dette også vil vere ein styrke for reiselivet.

5. Hans M. Graffer – e-post 06.09.2021 (dok. nr. 31).

Hans M. Graffer skriv at det no ser ut som om det politiske miljøet i Lom vil gå inn for auka utbygging av fritidsbustadar, og at han er i mot det. Han viser til at ein i media omtrent dagleg ser mange eksempel på konfliktar som kjem i kjølvatnet av slike endringar i bruk av areal - konfliktar med bruk av beite og rettar knytt til bruk av utmarka.

Graffer skriv at å bygge hytter /fritidsbustader er irreversibelt, og kan og danne presedens i tilsvarande situasjonar. Han meiner det er betre at ein får utnytta kapasiteten på dei overnattingsplassane ein har i kommunen. Han viser til at Lom er spesielt med sin store del av urørt natur- og slik håpar han det vil bli og i framtida, og at han meiner at det nok er ein av grunnane til at Lom er så populært reisemål, saman med den fine byggeskikken. Graffer skriv at «Vi er spesielle, og kvifor skal vi fylgje etter andre når det gjeld arealbruken?»

Området ved Svartlia seter.

Graffer viser til at dette er setra til Graffer- og at denne har vore i bruk i lang tid. I dag er den i bruk til innmarksbeite, men har og vore slåttemark og slik sett er dyrkbar. Graffer viser til at setra er ute av planen som hytteområde, men at det er uforståeleg for han at eit enkelt innspel på eit kommunestyremøte kan bli teke med, og lagt fram for planarbeid, og konsekvensutgreia.

Graffer protesterer på hytteplanen i nærområdet til setra. Han viser til at terrenget er brukt som beite til Graffer, og at alle bruk som har sitt utspring frå her har beiterett i Svartlia. Han skriv at mange har sau i området, og at Graffer driv og bygger opp besetning av ammeku som vil gå der frå neste år. Graffer skriv at området også er mykje brukt av Lom tamreinlag, og at ein auka trafikk vil vera negativ for denne verksemda. Han viser til at terrenget er blautt og bratt, og at vegen som vart opparbeidd som tilkomst til setra , er smal og bratt og utan grøft. Graffer skriv at det over Vulu er ei bru som er vanskeleg kome over, og som iallfall ikkje er brukbar til å køyre over med septikbil og større køyretøy. Han stiller og spørsmål om vegrett. Graffer viser til at det er ustabil grunn i området som vil skape problem om ein grev i området.

Hyttefelt Lunnarplassen.

Graffer skriv at den gamle Meadalsvegen går gjennom området - den gamle ferdselsåra til Sålell, Foss og Smådalssætrene. Han skriv at dei framleis nyttar denne når dei går med dyra heim, og at området er eit godt beiteområde for Meadalen sameige. Graffer viser til at vegen er eit kulturminne, og at området er eit flott turområde.

Graffer skriv at han er forundra over at vegen/området ikkje er med i oversikta over viktige kultur- og turområde i planen.

Han stiller spørsmål og korleis ein tenkjer å løyse vatn og kloakk frå eit hytteområde, og den dårlege vegen som er eine og aleine er opparbeid for Svartlia seter. Graffer skriv at dersom

ein skal ta vatn frå Vulu, så er det tidvis lite vatn til vatningsanlegga nedover Vårdalen, og at dette da blir forverra.

Seterområde ved Tesse.

Graffer viser til at dette er ein av dei best bevarte seterstulane i landet, og at arealet alt i dag ligg under stort press frå andre interesser. Han viser at det er viktig å bygge opp under slik aktivitet, i staden for å skape nye problem.

Næringsareal på Lågkollen.

Graffer har merknad om at det er eit rovfuglreir i nær tilknytning til området som bandlegg bruken av arealet.

6. Røros Takst AS v/Ole Erik Feragen – epost 07.09.2021 (dok. nr. 32).

Feragen føreslår å ta inn igjen hytteområde H2 på Gomobrennhaugen i Leirlie som ligg inne i gjeldande kommuneplan frå 2003. Han har vore i kontakt med eigedomsutviklar i Statskog SF om saken. Feragen viser til at er betydeleg mindre enn det området som kom som innspel i samband med arbeidet med ny kommuneplan i Dialogkonferanse 2016 (BF13: *Leirhøe – Borgakampen – byggeområde for fritidsbustadar*). Han skriv at området er omtrent 200 000 m², at det i hovudsak ligg utanfor fareområder med tanke på skred slik han kan lese kartet, og at området også ligg godt under 1000 moh. (omtrent 920 moh. på det høgste).

Feragen meiner det skal være mogeleg å etablere tilkomst i området. Han skriv det er noko bratt i området ned mot Sognefjellsvegen, men at han ser det kan vere mogeleg å nytte ein eldre skogsveg til ein kjem opp på eit noko flatare område omtrent 40-50 meter nord for Sognefjellsvegen.



Framlegg til område for fritidsbustader på Gomobrennhaugen i Leirlie.

7. Lom Fjellstyre – Uttale gjeve i samband med møte i fjellstyret 06.09.2021 (dok. nr. 33).

Lom fjellstyre er negative til forslaga om å omdisponere areal til byggeområder for fritidshytter i Vårdalen statsallmenning. Dette gjeld område BF01_f og BF05_f Nordsætrin, BF12_f Nåvårsætervangen og BF14_f Bjønnskardet.

Byggeområde for fritidsbustadar.

Lom fjellstyre meiner etablering av hytteområde så tett inn til eksisterande seter- og beiteområde vil kunne gje negative konsekvensar for bruksrettshavarane og andre brukare av området. Ein ny arealbruk vil kunne bli irreversibel og bandlegge områda for annan framtidig bruk. Fjellstyret viser til at aktiviteten med seter- og beitebruk og forproduksjon i Tesseområdet er høg, og trass i stor nasjonal nedgang finn ein framleis åtte setrer med mjølkeproduksjon i dette området. Nordseter er den seterstulen i Lom som har flest setrer i drift med tradisjonell mjølkeproduksjon.

Fjellstyret viser til at fritidshytter og reiselivsverksemd kan gje konflikhtar i forhold til bruksrettsutøving som seter- og beitebruk. Området i og rundt Nordseter har høg reiselivsaktivitet med Brimi fjellstugu, Brimi sæter og Brimi klatrepark tett ved. I nærområdet finn ein i tillegg to hyttefelt i saman med spreidde fritidsbustader og ei reiselivsverksemd. Fjellstyret meiner bruken av området er allereie høg, og at det kan settast spørsmålsteikn om ei vidare utviding kan tolast.

Fjellstyret viser til at byggeområde BF01 og BF05 på Nordsetrene, ligg på areal som i dag er definert som dyrkbar jord. For delar av arealet så ligg det inne søknader om dyrking, desse vil bli handsama i ei pågåande sak som vil avgjere om, og eventuelt kva, som blir frigjeve til dyrking. I samband med dette er det frå Fjellstyret presisert, at det ikkje er nokon samanheng mellom eit eventuelt avslag om dyrking og løyve til hyttebygging. Fjellstyret viser til at begge desse areala ligg i svært tett tilknytning til seterområdet på Nordseter og er av seterbrukerane framheva som trekkveg, beite- og kvileområde for beitedyr.

Fjellstyret viser til at det i konsekvensutgreiinga for område BF01_f Nordsætrin, er det ein påstand om at beitetrykket ved Nordsetrene var mykje høgare før. Påstanden er grunngeve med at flybiletet syner attgroing. Fjellstyret er ikkje samde, her må det takast inn variablar som vedhogst, klimaendring, type beitedyr m.m. Truleg er det slept minst like mange dyr på beite i dag som for 50 år sidan. Tal setrer som er i drift med mjølkeproduksjon har gått ned, men einingane er større. I tillegg til seterdyra er det mykje lausfe, både storfe og sau, som beiter med utgangspunkt i seterområda. Fjellstyret meiner at beitetrykket må sjåast i samanheng med at annan aktivitet og bruk av områda er mykje større. Dei utmarksareala som står att, og som i tillegg er lite brukt til tur- og rekreasjonsområde, er svært viktige for beitedyra.

Når det gjeld BF12_f Nåvårsetervangen, så syner fjellstyret til momenta nemnd tidlegare om dei negative konsekvensane med å legge byggeområder for fritidsbustader inntil eksisterande seter- og beiteområde. Fjellstyret meiner det her i tillegg må gjerast grundigare vurderingar knytt til leveområde for elg- og vilttrekk. Fjellstyret meiner at konsekvensutgreiinga og kunnskapsgrunnlaget rundt dette er for svak. Mykje tydar på at store delar av vilttrekket i mellom Vågå og Lom skjer via denne korridoren. Fjellstyret viser til at områda rundt Nåvårsetermorka truleg er eit svært viktig vinterbeiteområde for den stadeigne elgen som oppheld seg i Smådalen og Tesseområdet sommarstid, da beiteområda lenger aust er tungt belasta av trekkelg.

Fjellstyret vil framheve at kulturlandskapet i og rundt seterstulane ved Tesse er viktige rekreasjons- og tur områder for både lokale og tilreisande, og er av stor verdi for reiselivet i Lom. Å opne desse

områda for hyttebygging, meiner Fjellstyret vil opplevast privatiserande og negativt for mange av desse.

Fjellstyret meiner det kan settast spørsmålsteikn ved om dei foreslegne byggeområda er i tråd med nasjonale og regionale føringar og syner til «Jordvernstrategien for Oppland» der det framheva at det er ei utfordring å legge til rette slik at landbruket kan vidareføre drifta si, og at arealplanlegginga må syrgje for at landbruket får gode driftsforhold. Fjellstyret viser til at det mellom anna er sett som delmål at «fritidsbustader skal lokaliserast utanom seterområda, i område der forhold til landbruk, kulturlandskap, kulturminne og natur- og friluftsiinteresser er avklara i overordna planprosess.» Samstundes viser Fjellstyret til høyringsdokumenta for «Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse for Oppland», der det står at slått og beite i seterområda er viktig for å halde oppe kvalitetane i landskapet.

Fjellstyret støttar vurderingane til administrasjonen om at BF13 Leirhø-Borgakampen ikkje er egna som byggeområde for fritidshytter.

Endring av arealbruksformål rundt reiselivsverksemdar.

Fjellstyret meiner at definering av arealbruksformål «fritids- og turistformål – eksisterande» rundt eksisterande reiselivsverksemdar må skje i samråd med Statskog SF og fjellstyret. Fjellstyret meiner områda som er skissert i plankarta, til dels er svært missvisande, m.a. for Memurubu der ei seter med seterkrve har vorte definert med arealbruksformål «fritids- og turistformål». Avgrensinga må vere i samsvar med eksisterande festekontrakter og annan arealbruk.

Ymse føresegner bygg og anlegg

Fjellstyret meiner at vindmøller er eit tiltak som skal være søknadspliktig og vurderast individuelt for kvart enkelt tilfelle, eventuelt gjennom ein reguleringsplan. Fleire av fritidshyttene i statsallmenning i Lom ligg over tregrensa, eller i tilknytning til seterområde. I desse områda meiner Fjellstyret at omsyn til landskapet og kulturmiljø må bli tillagt vekt. Fjellstyret meiner at ei vindmølle vil bli eit forstyrrende framandelement, og at eventuelle ulemper knytt til lydforureining må utgreiast betre.

Fjellstyret er negative til ei auke i arealgrensa for fritidsbygningar frå 80 m² BYA til 100 m² BRA, ei betydelege auka i mønehøgde frå 4,5 til 6,5m/7,5m i saman med ei auke av høgde for grunnmur. Fjellstyret meiner at samla sett blir dette ei vesentleg auke i teoretisk bygningsmasse, og at det vil i større grad kunne gje negative konsekvensar for landskapet og andre brukarinteresser i allmenningen. I LNF områder meiner Fjellstyret at det må vere eit krav at vesentleg utviding av eksisterande fritidshytter skal behandlast som dispensasjonssak, og at det må førast ein streng praksis for slike tiltak.

Område for råstoffutvinning

Fjellstyret meiner at det må presiserast at mindre masseuttak i samband med drift og vedlikehald av setervegar- og mindre veganlegg, må kunne godkjennast etter dispensasjon og utan krav til reguleringsplan.

Tilsynsbuer, skogshusvære m.m. i LNF område.

Fjellstyret kan etter fjellova §35 føre opp naudsynlege jakt- og fiskehytter og naust i statsallmenning, etter at tomt er utvist av Statskog. Dette føreset kommunal godkjenning i tillegg. Fjellstyret ynskjer at det blir presisert i planføresegnene at slike bygg kan førast opp med dispensasjon, utan krav om reguleringsplan.

Føresegner om turstigar og tilrettelegging for friluftsliv i LNFR område

Fjellstyret meiner det bør presiserast at all merking av turstigar og tilrettelegging for friluftsliv må skje i samråd og etter løyve frå grunneigar. Allmenningen har stor reiselivsaktivitet og svært mange besøkande. Merking og tilrettelegging kanalisere og styrer ferdsele. Fjellstyret peikar på at dette må skje med omsyn til naturen og vilt- og beiteinteresser.

Område med særlege omsyn til bevaring av kulturmiljø

Fjellstyret meiner at det for omsynssone for verdfullt kulturlandskap i Bøverdalen (H570_1) og omsynssoner for bevaring av kulturmiljø ved Tesse og Nordsetrene (H570:K1-K4), må presiserast at framleis aktiv jordbruksdrift med slått og beite er avgjerande for å halde ved like kvalitetane i landskapet, og syner til Riksantikvaren sitt framlegg om «Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse for Oppland». Fjellstyret meiner at det må gjerast tydeleg at jordbruksaktivitet er ynskjeleg, og sikrast at føresegnene ikkje bli brukt avgrensande for jordbruksutøvinga.

8. Odd Repp – brev 07.09.2021 (dok. nr. 34).

Odd Repp vil sterkt åtvare mot den foreslegne tilrettelegginga for bygging av fritidshytter i tilknytning til seterområda på Nordseter og Nåvårseter i Vårdalen statsallmenning. Repp meiner meir tilrettelegging for bruk av desse område til turist- og fritidsformål vil medverke til ein sterk auke av konfliktnivået mellom jordbruksinteressene og dei som brukar området til fritidsaktivitetar og rekreasjon, jf. reportasjar i lokalavisene om beitetvistar og gjerdehald m.m. i hytteområde i Gudbrandsdalen.

Repp viser mellom anna til at det ikkje er tilfeldig kvar seterområda våre er etablerte. Dette byggjer på hundreår lange erfaringar, der både geografisk avstand, jordsmonn og klimatiske tilhøve har vore avgjerande faktorar for plasseringa. Repp meiner ei auka utbygging til fritids- og turistformål tett inntil setrene både på Nordseter og Nåvårseter, på sikt vil vera avgrensande, og i verste fall øydeleggjande, for den framtidige seterdrifta og jordbruksinteressene her. Repp meiner det bør vera eit mål å hegne om seterstulane og kulturlandskapet seterdrifta har skapt, ikkje nødvendigvis ved meir oppdyrking, men fortsett bruk av utmarksressursane til beite. Repp viser til at dette også er i tråd med nasjonale og regionale føringar for tilrettelegging for fritidsbustader.

Repp meiner plasseringa av det foreslegne hytteområdet ved Nåvårseter er også særskild uheldig for viltinteressene. Han viser til at dette er ein mykje brukt korridor spesielt for elgen på trekk mellom skogsområda i Vågå og areala i Lom. Repp skriv at hovudtrekket tidlegare truleg gjekk mellom Vågå og Lom ved Tessosen og i Gjesingmorka. Men etter hyttebygginga som har skjedd her, og med den attgroinga vi har fått dei siste 20-30 åra på sørsida av Tesse, har trekket ved Nåvårseter og på sørsida av Tesse auka.

Repp skriv at Lom har ført ein streng politikk med omsyn til bygging av fritidshytter. Hans erfaring er at dette er forhold tilreisande turistar set umåteleg stor pris på, og trekkjer fram som spesielt verdifullt for områda våre. Repp meiner kommunen som reiselivsdestinasjon på sikt vil vera best tent med i størst mogleg grad unngå bygging av fritidshytter eller andre omfattande tilretteleggingstiltak i fjellet. Repp peikar på at villmarksprege og urørt natur er etterspurt av ei stor gruppe. Dette er mangelvare, og få andre kommunar kan marknadsføre slike område Lom har.

9. Kari Ramen, Hans Slålien, Liv og Øyvind Angard – brev 06.09.2021 (dok. nr. 35).

Angard og familien har tomt i Flatmogrenda (GID90/3) – område som er lagt ut for spreidd bustadbygging LNF-B01. Angard viser til at dei fekk frådelt tomta etter ein prosess i 2007, og at ein av grunnane til at dei bygde seg hus her, var at dei ikkje ynskta å bu i eit bustadfelt.

Dei skriv at med dagens 3 bustadhus som både står eller er under oppføring i nemnte område, er avstanden desse imellom såpass «luftig» at dette ikkje er noko problem. Dersom det blir slik at tomtene blir lagt nærmare enn dagens plassering og med direkte innsyn, meiner dei at det vil forringa kvaliteten ved å bu slik til som dei no gjer.

Ramen, Slålien og Angard har merknad til at det står i KU at det ikkje går stigar i området, og at arealet har liten verdi for friluftsliv og leikeområde. Dei har lagt ved skjermdump av høydedata og Lidarskanning, som viser både den gamle Kvamsvegen og andre stigar i området. Dei skriv at den gamle Kvamsvegen er ganske mykje brukt som turveg for dei som bur i området, både i Flatmogrenda, folk i byggefeltet i Hamrom og folk som bur kring Måsåmyra. I tillegg vert den brukt av gardbrukarar som passerer med dyr. Dei skriv at da Angard fekk lov å bygge her, var eitt av vilkåra i sak 20/2007 at: «Den gamle vegen som går gjennom området skal bevarast og oppretthaldast som turveg open for allmenn ferdsel.»

Dei skriv at viltet faste trekkvegar i området, dette gjeld spesielt rådyr, elg og hjort, og det er ikkje uvanleg at dette området vert nytta under ordinær jakttid.

Dei skriv at når ein bur slik til, så er faktisk skogen eitt av områda som barn og unge (og også vaksne) kan boltre seg i, slik at det blir feil å si at området har liten verdi for friluftsliv og leikeområde for oss som bur i lia. Naturen og skogen har ein eigenverdi som rekreasjonsområde, og friluftsliv blir drive her.

Dei skriv at ein av grunnane til at dei valde å busette oss her lengst aust i Flatmogrenda, var at dei ynskta å bu fritt til utan for tett avstand til naboar. At ein kan klare å finne 1-2 tomter til, som ikkje blir i direkte innsyn til dei eksisterande bustadane, kan kanskje vera mogleg. Ramen, Slålien og Angard meiner at det som er nemnt over må takast omsyn til under det vidare planarbeidet.

10. Sylfest Ødegård – e-post 08.09.2021 (dok. nr. 36).

Ødegård har seter på Nordsetrin. Han skriv mellom anna at det i dag stor aktivitet både innafor turistverksemd og primærnæringa landbruk, og at det i dag er lite konflikt i området. Ødegård meiner at ein ved opning av nye områder til fritidsbustader og eller utviding av eksisterande hotell eller turistverksemder, vil passere eit balansepunkt. Ødegård meiner at primærnæringa med mjølkeproduksjon i seterområdet må vurdere å legge ned, dersom kommunen går for det framlagde planforslaget. Han meiner hotellverksemdene heretter må utvikle sine produkt innafor dei rammene dei har og ikkje satse på stadig nye «landåm». Ødegård meiner ein må sjå alt dette i ein større samfunnsdebatt, der fokuset no blir meir og meir på miljø.

Ødegård meiner at kommunen må få kartlagt meir grundig og fagleg dei områda som kan vera dyrkingsjord. Og at dei dyrkbare areala som ein da har, kan gå inn i ein slags dyrkingsjordkonto-bank for framtida. Ødegård meiner at meir nydyrking i fjellet bør vente til tida endra seg og krev ein større matproduksjon og eller kostnadene endrar seg.

Ødegård viser til at turistane etterspør opplevingar, og at det har Lom kommune vore flinke på å utvikle, og må fortsette med det.

11. Direktoratet for mineralforvaltning – brev 08.09.2021 (dok. nr. 37).

Direktoratet for mineralforvaltning (DFM) viser til at Lom kommune har teke inn mange områder for råstoffutvinning i forslag til ny arealdel. Det er ikkje føreslått nye arealføremål, men eit areal (M109) er teke inn frå i kommunedelplan for Nordsætrin, vedteken i 2009.

DFM viser til at det under planføresegn merka 3.7 er det lista opp at kommunen fører vidare 43 område med arealbruksformål råstoffutvinning – eksisterande. 14 av desse områda har godkjent reguleringsplan. I tillegg har Lom kommune registrert 29 mindre, eksisterande uttak utan reguleringsplan. Disse er godkjent gjennom kommunedelplan for sand, stein og grus i Lom av 1997. Av desse opplyser kommunen at 7 er masseuttak i vatn og 7 uttak i fast fjell/steinbrot, og at dei fleste har til formål uttak av stein for vassdragsforbygging. Massetaket av sand- og grus opplyst at for det meste er til husbehov og vedlikehald av eit enkelt veganlegg (oftast setervegar).

DFM viser til at det er føreslått føresegn som tek vare på forhold til minerallova sine kriteria knytt til størrelse på uttak. Videre står det: «Masseuttak i samband med bygging og vedlikehald av landbruksvegar kan behandlast etter landbruksvegforskrifta.» DMF gjer her oppmerksom på at krav etter anna lovverk kjem i tillegg til krav etter minerallova. Krav til melding og/eller konsesjon gjeld også for alle utvidingar av eksisterande uttak.

Av dei konsekvensutgreidde byggeområda er det berre eit område, BF12 – Nåvårsetervangen, som viser konflikt med ein grusressurs av lokal verdi1, og området er registrert til å ha stort potensiale som grunnvassressurs. Uttaksområdet ligg tett ved eit tidlegare uttak. DMF har ikkje ytterlegare merknadar til KU.

12. Marit Øyberg og Geir Nilsen – brev 08.09.2021 (dok. nr. 39).

Øyberg og Nilsen skriv mellom anna at Lom kommune foreslår grunnverv av 3 dekar fulldyrka mark frå deira landbrukseigedom for opparbeiding av større parkeringsplass ved Garmo kyrkje. Dette blir en parkeringsplass på nærare 3,7 dekar, og da lurer dei på om det blir en av de største parkeringsplassar ved kyrkjer her i landet, sett i forhold til størrelsen på kyrkja. Øyberg og Nilsen skriv at plasser er over dobbel så stor som parkeringsplassen ved Lom Stavkirke.

Øyberg og Nilsen skriv at når kommunen påstår at området ikkje er fulldyrka er det faktafeil i utgreiinga. Dei skriv at her har det vore dyrka i veldig mange tiår, i tidlegare tider vart det hesja her for tørking av hø. Øyberg og Nilsen skriv at nokon kvadrat inneheld murer frå tidlegare reiskapshus/ ly for kyrne som beitar her utover hausten. Dette er tenkt restaurert, men grunnvervet som føreligg inkluderer også dette. Det er planer om å sette opp garasje i forbindelse med bustadhuset, men dette vil ikkje bli mogeleg dersom kommunen ervervar tenkte areal. Øyberg og Nilsen skriv at dersom kommunen ervervar dette arealet, skil ein kårbustaden frå hovudbølet.

Øyberg og Nilsen skriv at ei utfordringane ved en etablering av parkeringsplass på det tiltenkte området, er at det er påvisst betydelege grunnvassressursar i området, og at dette kan merkast ved bustadhuset og oppsette steinmurar på oversida av huset. Ved snøbrøyting

kan oppsamling av smeltevattn forsterke utfordringane og press på murene. Øyberg og Nilsen skriv at det allereie i dag er problem med forsøpling (inkl. avføring) i området, og at dette vil bli forsterka om det blir etablert eit areal som egner seg for bl.a. campingbilar.

Deira oppfatning er at det kunne vore gjort mykje meir med eksisterande areal for å utnytte dette betre. Det er bl.a. planta hekk langt frå gjerdet på dagens parkeringsplass. Øyberg og Nilsen meiner dette kunne utgjere en rekke med parkeringsplassar. Observasjonar vinterstid er at det er dårleg brøytet langs vegane. Øyberg og Nilsen meiner også dette kan utgjere mange parkeringsplassar.

Øyberg og Nilsen viser til at eksisterande areal til veg og parkering er tildelt frå deira eigedom tidlegare. At det er behov for ytterlegare parkering i en fråflyttingstruga bygd, klarer dei ikkje heilt å sjå. Dei skriv at det i dag ligg til rette til å køyre fram til kyrkjeporten for eldre og funksjonshemma. Å kunne rekne med parkering for alle like ved kyrkjeporten, ved større anledningar, er etter deira meining vanskeleg å tilfredsstilla ved de fleste kyrkjer, og det må påreknast å kunne gå nokre skritt.

Øyberg og Nilsen skriv at det ikkje er deira oppgåve og finne alternative løysingar for ytterlegare forbetring av parkeringsforholda for besøkande til kyrkja, men dei viser til at det ikkje berre er deira eigedom i dette området

13. Setereigarar på Nåvårseter – brev 05.09.2021 (dok. nr. 41).

Dei som har underskrive brevet er: Amund Bruøygard, Oddrun og Gudbrand Mo og Marit og Lars Åmot.

Dei skriv at dei er setereigarar på Nåvårseter med seterrett, bruksrett og allmenningsrett i området. Mo og Åmot driv aktiv setring med mjølkeproduksjon. Bruøygard driv med ammekyr. Mo har i tillegg sau. Dei skriv at dei har området rundt Nåvårseter som beiteområde, med naturleg utgangspunkt i deira setre.

Dei tre setreeigarane på Nåvårseter skriv at å leggje ut eit stort område for bygging av fritidsbustadar tett inntil deira setre, vil i strek grad øydeleggje deira beiteområde og ta frå dei grunnlaget for å ha gardsbruka som levebrød. Dei skriv at dei ikkje har utmarksbeite eller område store nok nede i Vårdalen, til at dyra kan gå der heile sommaren, og at dei er heilt avhengige av beiteområdet på Nåvårseter. Dei skriv at beiteområdet ved Nåvårseter er av områda i Lom med mest beitedyr og av dei få som mjølkeprodusentar som setrar i Lom, er to av dei på Nåvårseter. Setereigarane meiner at landbruksinteresser og utmarksbeite, er så viktige i Nåvårseter-området at plankontoret burde konkludert med at området ikkje er eigna for hyttebygging som for ein del andre område som er vurderte i planforslaget.

Setereigarane viser også til høyringsutkastet «Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse (KULA) i Oppland, Innlandet fylke.» Dei peikar på at ein i høyringsutkastet viser til at seterområda er viktige, og at i dei område der det ikkje er setring og beiteområda har gått ut av bruk, gror seterlandskapet att. Men i områda der det framleis er aktiv setring og beiting, blir bygningar og landskap tekne vare på ein heilt anna måte. Setereigarane finn det merkeleg at Lom kommune ikkje har nemnt Riksantikvaren si høyring i arealplanen, sidan kommunen skal ha fått denne 2 månader før arealplanen vart sendt ut.

Setereigarane viser mellom anna til at det i KULA-rapporten er vist til at område kring Tesse og Smådalen har ei rik forhistorie med steinalderlokalitetar, fangstanlegg, jernvinneanlegg, graver og spor etter beite- og seterdrift. I rapporten er det vist til at setrene ved Tesse og

fiskeressursane i vatnet tradisjonelt har vore viktige for gardane i Vårdalen, og at landskapet fortel ei historie om ekstensiv utnytting av utmarksressursar nær bygda over svært lang tid. Setereigarane viser til at Riksantikvaren skriv at landskapet er sårbart for ny hyttebusetnad og inngrep i dei tradisjonelle seterområda, som også er sårbare for attgroing. Dei viser til at Riksantikvaren skriv at området er eit kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse, og at det bør visast i kommuneplanens arealdel med omsynssone med særleg omsyn til landskap.

Setereigarane skriv at når Lom kommune da legg fram planar om et hyttefelt med 50-60 hytter på Nåvårseter, vitnar det om særs lite kunnskap om området og om historisk kunnskapslausheit når det gjeld historia til våre forfedrar som brukte Tesseområdet som ei viktig matkjelde for å overleve. Dei skriv at seterbrukarane på Nåvårseter og er avhengige av sitt beiteområde for at gardsdrifta skal kunne overleve, og at dette er noko kommunen bør prioritere.

Setereigarane på Nåvårseter ber om at Lom kommune vedtek at området BF12 Nåvårsetervangen går ut av arealplanen som eit område for fritidsbustadar, og held frå som eit beiteområde som i dag.

14. Mariann Skjedsvoll og Torgeir Verlo Olsen – brev 08.09.2021 (dok. nr. 42).

Skjedsvoll og Olsen kommenterer forslaget om ny gang- og sykkelveg GSV02 langs RV15 frå Ekre til Skjåk grense som passerer deira eigedom GID 75/2 – Nørstneshågån.

Dei skriv at dei i utgangspunktet er positive til en gang og sykkelveg langs riksvegen, da dei opplever det som trafikkfarleg å ferdast langs riksvegen til fots eller på sykkel.

Skjedsvoll og Olsen skriv at bygging av en gang og sykkelveg på nedsida av riksvegen vil påverke dei i veldig stor grad, og dei tykker informasjon til dei i forkant og i samband med høyringa har vore alt for dårleg.

Skjedsvoll og Olsen har i uttala mange spørsmål og merknader kring korleis anlegget av gang- og sykkelvegen vil bli forbi deira eigedom og konsekvensar av anlegget. Spørsmåla og kommentarane er mellom anna knytt til breidda av gang- og sykkelvegen/inngrepet, drenering av bekker som går under riksvegen, brønn og vassrør, innkøyring og utkøyring frå eigedomen, eksisterande strekk av fiberkabel, trær langs veggen som skjermar mot vind, tilkomst til stabbur, vedskjul, gamal verkstad og eldhus, kabel for robotklippar, dieseltank i grunn nær veggen med pumpe og beslag av dyrkamark av gang- og sykkelveganlegget.

15. Finndalsvegen ved leiar Hallgeir Vang – e-post 08.09.2021 (dok. nr. 43).

Vang skriv at veglaget dei siste åra har merka auke i biltrafikken innover Finndalen. I tillegg til meir styrtregn og lange periodar med turke, slit dette på veggen og det må oftare gjerast mindre og større vedlikehaldsarbeid.

Derfor ber veglaget om:

- Å få utvide arealet for uttak frå gruva vest/nord for Measæterøya.
- At stein som blir att etter harping av massen kan takast vare på for bruk til førebygging langs Finna.

- At det kan leggjast ein del grus frå uttaket av Lauvsanden i den nedlagde grusgruva nedanfor Klympen. Dette vil lette arbeide med mindre vedlikehald av vegen gjennom sommaren.

16. Odd Egil Øyen – e-post 08.09.2021 (dok. nr. 44).

Øyen skriv at utlegging av næringsområde vest for Lågkollen vil medføre at vilttrekket i området vert svært skadelidande. Han skriv at dette gjelder særleg elg, hjort og rådyr som er veldig aktive «brukarar» av området mellom Lia og øvre del av Vårdalen/Grafferskogen.

Øyen meiner at avkøyinga som er teikna inn på plankartet og trafikken til næringsområdet vil bli veldig øydeleggande for vilttrekket. Dessutan meiner han at vil ei avkøying slik den er planlagt, vil føre til en meir trafikkfarleg vegstrekning enn den allereie er i dag, og vil føre til mye støy for husstandane i det nærliggande område.

Øyen stiller spørsmål om kvifor ein ikkje kan nytte seg av den eksisterande avkøyrsla som i si tid ble bygget for næringsformål (pelsdyrfarmen). Han meiner det er fullt mogeleg å få til en trafiksikker og god avkøyrsl der den er i dag.

17. Styret i Lom Bondelag – brev 07.09.2021 (dok. nr. 45).

Lom Bondelag skriv at dei ser ein del negative konsekvensar knytt til nye areal for fritidseigedomar i beiteområde/setergrender.

Bondelaget peikar på at landbruksnæringa i Lom har i all tid vert knytt opp mot aktivt bruk av fjellareal. Ser ein Lom frå lufta er det ein smal grøn strek med dalbotn og busetting, mens fjellarealet er det som fyller opp kartet. – Det gamle ordtaket «Vi bur i bygden, men lev av fjellet» er realiteten for ein stor del av dei som tuftar levebrødet sitt på matproduksjon.

Bondelaget skriv at setring og beitebruk er sjølve grunnlaget for mange, og dersom ein etablerer områder for høgstandard fritidsbustader vil dette garantert føre til konflikhtar. Dei viser mellom anna til at det er mange eksempel der hyttefelt har ført til sort hovudbry for grunneigarar som før har nytta arealet som beite for husdyr og for aktive setrar med produksjon av mjølk. Dei skriv at å legge opp til enda større trafikk på allereie hardt belasta vegnett er og ei utfordring. Bondelaget skriv at for mange produsentar går det allereie i dag med mykje tid for å snigle seg fram langs smale vegar i turistsesongen for å få utført all jobb som skal gjennom i løpet av ein dag. Lukt, støy og anna aktivitet frå innhausting kan også medføre konflikhtar.

Bondelaget skriv at med stadige strukturendringar i jordbruket kan ein om få år ha eit mykje større fokus på beitebruk enn mange har i dag. Klimafaktoren er også gjeldande. Bondelaget meiner at ein med så store utfordringar med og produsere nok grovfôr nede i bygda, kan ein ikkje stenge moglegheitene for å nytte enda meir fjellet enn det blir gjort i dag.

Bondelaget ber om at eventuelle planer leggjast opp på ein slik måte at landbruket ikkje taper ressursar, da landbruket allereie har nok utfordringar frå før.

18. Gaute Elvesæter Helland – brev 09.09.2021 (dok. nr. 46)

Helland skriv at ei atgrodd seterkrve, eit beiteområde der lauvskogen veks opp, kan ryddast for framtidig bruk. Det gjeld ikkje for eit hytteområde. Kommuneplanen skal gjelde for mange år, og samfunnsutviklinga vil truleg bli meir prega av uventa hendingar.

Tesseområdet

Helland viser til at det i planforslaget er det sett av 5 område med til saman 169 fritidsbustader/ hytter med arealbruk 607,2 da. Av desse er 139 tomter i eller ved Tesse med til saman 515.8 da. Helland meiner det i planutkastet ikkje godt nok vurdert den samla verknaden dette vil ha på miljø og landbruk i området. 139 hytter vil føre med seg stor trafikk, både i utbyggingstida og etter, med moderne friluftsliv av mange slag. Helland skriv at ein og lyt rekne med at mange av hyttene vil vera fritidsbustad for hundar.

Helland meiner Tesse, med sæterområda Nordsætre og Nåvårsætre, er i landbruket og i kulturhistoria viktige område både for Lom og for Norge som nasjon. Helland skriv at området er ein stor ressurs både i dagens landbruk og i ei framtid med aukande krav til sjølvforsyning, og dermed krav til restaurering og oppattnying av det tradisjonelle landbruket som har prega Lom og liknande bygder i generasjonar. Helland peikar på det aukande konfliktnivået knytt både til arealbruk og arealutnytting, konflikt beitebruk og moderne friluftsliv, og ny og kravfull forståing av allemannsretten. Helland meiner denne aukande interessekonflikten mellom tradisjonell, lokal bruk og moderne, «urban» naturbruk, lyt vurderast mykje meir inngåande før politisk behandling av plandokumentet.

Helland meiner vindmøller i tilknytning til enkelthytter er til ulempe for fugle- og dyreliv, og verknaden på beitedyr er uviss.

Lunnarplassen-Hardbakkjen, BF08_f.

Helland skriv at området med 30 tomter 39, 4 da ligg inntil den gamle Meadalsvegen, som er seterveg både for Svartlia, Solhell, Foss og Smådalen. Og brukt som tilsynsveg og til beitebruk for setrane på Meadalen. Helland peikar på at veggen er og eit kulturhistorisk minnesmerke om bruk i fortid og nåtid. I dag er veggen og brukt som drifteveg for storfe i dei nemnde seterområda. Han skriv at fleire buskapar i Lia går over Liabrua, opp Meadalen etter den gamle veggen og vidare til Smådalen. Om hausten er dette veggen heim for alle buskapane i seterområda.

Helland meiner eit hyttefelt, både i utbyggingstida og ved seinare bruk, med vegar og annan infrastruktur, vil gjera den tradisjonelle husdyrdrifta vanskeleg. I planutkastet er veggen nemnt som turveg, den årlege drifteveggen er ikkje nemnt, og Helland peikar på at dette bør vurderast før politisk behandling. Helland skriv at den kulturhistoriske verdien, og Meadalen som eit nåtidig, og især som framtidig beiteområde, berre er nemnt i liten grad.

Merknad til planføresegnene pkt. 5.1.2.

Helland viser til at tilsynsbuer, skogshusvere og liknande landbruksbygg under 15 m² i dag berre er meldepliktige etter oppføring. Han peikar på at dette kan opne for små bygg i utmark utan klar næringsmessig funksjon. Helland meiner at eit tydeleg og behovsretta regelverk med meldeplikt før igangsetjing, bør koma på plass i ein ny arealplan.

Samferdselsanlegg.

Helland peikar på at setervegar og vegar elles i utmark, som t.d. veggen Solhell-Foss-Smådalen, eller t.d. vegar til vedlikehald av vassvegar, lyt kunna haldast ved like til ein tenleg og brukbar standard, i dei fleste tilfelle på dagens nivå.

Tamrein.

Helland skriv at det ikkje bør vera inngrep av vesentleg art i, eller i randsona, til dagens konsesjonsområde.

19. Styret i Meadalen utmarkslag – brev 08.09.2021 (dok. nr. 47).

Styret i Meadalen utmarkslag uttalar seg om den del av planen som gjeld Meadalen.

Hyttefelt BF08_f.

Utmarkslaget viser til forslaget om hyttefelt BF08_f som ligg i arealplanen med 30 tomter samla i eitt felt. Dei skriv mellom anna at dette er eit område med fleire interesser som utmarkslaget meiner vil kunne bli ei konflikt med eit komande hyttefelt. Meadalen er etter det utmarkslaget har fått opplyst, den dalen i Lom med flest beitedyr. Det er både ammekyr, mjølkekyr og sau som beiter i området heile sommaren. Utmarkslaget skriv at det både i Innlandet og andre plassar, er store konfliktar mellom hytteeigarar og gardbrukarar, og at det faktisk har ført til at folk har lagt ned gardane sine.

Meadalen utmarkslag skriv at Lom kommune heile tida har vore opptekne av å ha varme senger, noko som er bakgrunnen for at det er bygd opp mange reiselivsbedrifter i Lom. Utmarkslaget meiner at dette er noko ein skal vera stolte av, og som gjev viktige skattepengar til kommunen, både direkte og indirekte. At det blir bygd fleire private hytter, vil truleg føre til tilbod av overnatting via Airbnb osv. ,noko som fort blir konkurranse med eksisterande bedrifter. Utmarkslaget skriv at reiseliv og landbruk er dei viktigaste næringane Lom har, og det er viktig at kommunen legg til rette for at båe desse næringane skal klare seg bra, og utan at dei skal gå i konflikt med kvarandre.

Utmarkslaget peiker på at det ikkje støtt er vinterbrøytt veg på Meadalen. Dei siste åra har det i samarbeid med Soleggen fjellstue vore brøytt til fjellstua stort sett kvart år. Dersom det er vintrar fjellstua ikkje har ope og trong for veg, er det ikkje økonomisk forsvarleg å halde open vegen til Soleggen. Utmarkslaget meiner dette er eit moment som er viktig å ta med i vurderinga. Utmarkslaget peikar på at folk truleg forventar ein veg når dei har kjøpt seg hytte, men stiller spørsmål om kven som betale for at vegen blir halde open.

Utmarkslaget skriv at hyttefelt er uvanleg i naturen som er i Lom, og dei ser det som langt viktigare å ta vare på kulturlandskapet enn å byggje ned fine turområde. Dei viser til at gamalvegen på Meadalen, både er mykje brukt som turområde, bærrområde og at den er ferdselsveg for mange på tur til og frå fjellbeite med dyra.

Andre felt på Meadalen.

Meadalen utmarkslag skriv at dei også har sett på dei andre tomtene som har vore foreslått rundt Meadalen, der det er prat om eit par enkelthytter, men som ikkje er kryssa foreslått i planen. Utmarkslaget skriv at dei ser det som mindre konfliktfylt med nokre få spreidde hytter, enn eit hyttefelt. Dei skriv det vil krevja langt mindre infrastruktur enn eit hyttefelt. Dersom det skulle bli aktuelt med enkelthytter, meiner utmarkslaget at det er viktig å få ned i kontraktar at beitedyra skal ha sterkaste retten. Utmarkslaget meiner små gjerder rundt hyttene bør vera lovleg, da det gjer det mindre konfliktfylt.

Sentrumsnære hyttetomter.

Utmarkslaget meiner det bør vera meir sentrumsnære tomter å finne til hyttebygging i Lom, i staden for å byggje ned dei viktige beiteområda. Utmarkslaget skriv at landbruk er ei svært viktig næring i Lom, og det vil vera svært uheldig om Lom kommune ikkje legg til rette for at det framleis skal vera minst like bra å vera bonde, og å ta vare på kulturlandskapet i kommunen.

20. Geir Marstein – e-post 09.09.2021 (dok. nr. 49).

Geir Marstein skriv at han i utgangspunktet er positiv til planlagde tomter i Lia, men peikar på at det går mange gamle veger i det planlagde området. Han skriv at desse ikkje må øydeleggast eller sperrast.

Marstein peikar på at sperregjerdet ikkje er nokon grunn til ikkje gjerde inn eigedommen, og da må det være grunder som er lette kome gjennom får gåande på stigane/vegane. Han skriv at det hender seg at husdyr kjem over sperregjerdet og skal derfor ikkje by på konflikt, for dette er ikkje utmarksgjerde og det er beiterett også nedafør sperregjerdet.

21. Kjell Brandsar – e-post 10.09.2021 (dok. nr. 50).

Kjell Brandsar er eigar av Sygard Synstnes, GID 73/3 og 73/4

Gang- og sykkelveg Nissegården – Ekre GSV01.

Brandsar peikar på at det er rasfare på strekninga med gang- og sykkelveg, og at ein for rasområdet ved Knutstugugrove må ha rasoverbygg.

Brandsar viser til at dyrka areal like vest for innkøyringa til Ekre blir så godt som borte. Han meiner det er rart at det er liten negativ konsekvens ved nedbygging av matjord i konsekvensutgreiinga.

Brandsar viser til at flytting av kyr over riksvegen, blir meir utfordrande med større breidde.

Gang- og sykkelveg Ekre – Skjåk grense GSV02.

Brandsar peikar på at dei har gjødselkummar på nedsida av vegen der gang- og sykkelvegen ligg i planen, som det er vanskeleg å flytte utan å øydelegge dei. Han spør om det vil bli 50 m byggegrense om ein må setje dei opp att.

Han peikar elles på ein del ulemper for dei som må løysast om gang- og sykkelvegen blir bygd slik den er planlagd, mellom anna at overgang over grov og septiktank truleg må flyttast og røyr som må forlengast for vatning og fylling av gjødselkummane. Brandsar stiller også spørsmål om fartsgrense og trafikktryggleik da det har vore mange utforkøyringar på staden.

Brandsar viser til at bygging av GSV02 vil medføre at 6,4 dekar dyrka jord blir bygd ned. Han stiller spørsmål om det er akseptabelt, sog skriv at ein må ta prøve å ta vare på all jord ein kan dyrke mat på.

Generelt for både strekningane.

Brandsar peikar mellom anna på at det blir vanskeleg å utvide riksvegen, om gang- og sykkelveg blir bygd på begge sider av vegen.

Brandsar peikar på at grunneigarane ikkje har fått noko informasjon kring kva for spesifikke konsekvensar gang- og sykkelvegen har for dei, og at grunneigarane på strekningane ikkje står på lista over dei som har fått tilsendt høyringsdokumenta.

22. Setereigarar og beitebrukarar på Nordseter, brev 13.09.2021 (dok. nr. 52).

Dei som har underskrive brevet er: Svanhild Lyngved Solheim, Vegard Haugen, Sylfest Ødegård, Tove Mørk Reiersen, Torstein Frisvold, Åsne Dalåmo, Oda Evy Øyen og Geir Ole Lyngved

Setereigarane og beitebrukarane viser til at forslaga om omdisponering av areal til byggeområder for fritidshytter i Vårdalen statsallmenning er omfattande og inneheldt fire ulike område: BF01_f Nordsætrin, BF05_f Nordsætrin, BF12_f Nåvårsætervangen, BF14_f Bjønnskardet. Dei viser til at desse areala i dag er avsett som LNF-område og at alle ligg alle i umedelbar nærleik til det mest aktive seter,- og beiteområdet i Lom kommune.

Setereigarane peikar på at ressursane i og rundt Tesse heilt sidan yngre steinalder har vore viktig for busetnad. Dette ser ein av alle historiske funn både når det gjeld buplassar rundt fiskevatnet, dei omfattande fangstanlegga i fjella rundt, av det godt etablerte kulturlandskapet, og av all den nedteikna historia som er knytt til Tesse og områda rundt. Ressursbruken strekk seg heilt fram til i dag og vil mest sannsynleg også vera viktig i framtida. Bruken av desse verdiane er i dag nøye regulert gjennom Allmenningsretten, Fjellova og Sæterforskrifta. Dette for å få ein god ressursforvaltning både for nåtid og framtid. Vårdalen statsallmenning med tilhøyrande bruksrettar omfattar blant anna områda på Nordsæter og Nåvårsæter. Desse rettane er lovfesta i Allmenningsretten som går heilt attende til skrivne lovar frå tusentalet. Landbruket og matproduksjonen har endra seg drastisk dei siste tiåra og verdien av slike ressursar er kanskje ikkje like tydelege i dag som for eksempel 50 år sidan. Setereigarane peikar på at det ikkje dermed vil si at dei ikkje er viktige eller at verdien er dalande. I eit historisk perspektiv er det berre eit vindkast sidan desse rettane var livsgrunnlaget til folk og eg meiner vi bør ha det i mente når vi i nåtid driv areal- og ressursforvaltning, som for eksempel i planarbeid i kommunen. Setereigarane meiner vi har eit ansvar for å utøve ei berekraftig arealutvikling og ressursforvaltning som tek i vare ressursgrunnlaget vårt for framtidige generasjonar, da ingen kan spå korleis samfunnet vårt og behova våre er om 50 eller 100 år. Dei viser dessutan til at bruken av beite og forressursar er sterkare no enn nokon gong. Talet på dyr på beite i Tesseområdet er minst like høg i dag som for 50-100 år sidan og forproduksjonen er også meir omfattande nå enn før.

Setereigarane skriv at reiselivsaktiviteten på og rundt Nordsetra har auka betrakteleg dei siste åra gjennom Brimi fjellstugu, Brimi klatrepark og Brimi sæter. Det er ei kjent sak at seter/beitebruk og reiselivsverksemd ikkje nødvendigvis går hand i hand, men det skal seiast at reiselivsaktiviteten hittil har vore på eit tåleleg nivå. Setereigarane vil også understreka at dei alle meiner at reiselivsaktiviteten i området er triveleg og at begge næringane kan dra nytte av kvarandre. Når det er sagt så ser dei no at denne aktiviteten byrjar å overstige eit nivå som påverkar bruksutøvinga for dei som setereigarar og beitebrukarar. Bruken av området er høg både med tanke på dyr på beite, fleire aktive setre, mykje turistar og ikkje minst biltrafikk. Dyra på utmarksbeite blir forstyrra, vegane blir hardt belasta og forsøplinga aukar. Setereigarane meiner at for at dei skal kunne fortsetja å drive aktiv setring og utmarksbeiting så må aktivitetsnivået haldast slik det er i dag.

Setereigarane viser til at i planforslaget lagt inn tre områder for hyttebygging i Nordseterområdet: BF01, BF05, BF14. Det er i konsekvensutgreiingane og i andre plandokument vurdert kvar det er mest hensiktsmessig å leggje hyttefelt. Setereigarane meiner at det i utgangspunktet ikkje burde være ein lokaliseringdebatt om kvar på Nordsetra ein vil ha hyttebygging, men heller ein meir generell debatt om kva vi vil med dei etablerte seterområda våre og kva som vil være ein berekraftig areal- og ressursforvaltning for nåtid og framtid.

Setereigarane skriv at sjølv om dei håpar på ein meir generell debatt, vil dei nemne ulike faktorar som påverkar desse områda. Felles for både område BF01 og BF02 er at det er registrert som dyrkbar mark. I Jordlova står det i § 9. Bruk av dyrka og dyrkbar jord: «Dyrka

jord må ikkje brukast til føremål som ikkje tek sikte på jordbruksproduksjon. Dyrkbar jord må ikkje disponerast slik at ho ikkje vert til jordbruksproduksjon i framtida. Departementet kan i særlege høve gi dispensasjon dersom det etter ei samla vurdering av tilhøva finn at jordbruksinteressene bør vika. Ved avgjerd skal det mellom anna takast omsyn til godkjende planar etter plan- og bygningslova, drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området, kulturlandskapet og det samfunnsgagnet ei omdisponering vil gi. Det skal òg takast omsyn til om arealet kan førast attende til jordbruksproduksjon.» Sætereigarane meiner at å bandleggje dyrkbar jord med hyttebygging ikkje er foreinleg med punktet om at det kan førast attende til jordbruksproduksjon.

Setereigarane peikar på at det i konsekvensutgreiinga frå 2018 blei det konkludert med at «*det i oversynleg framtid vil vera liten interesse for oppdyrking av området*». Vidare blir det sagt at dyrkingsutfordringar og behovet for å byggje vatningsanlegg...»*gjer oppdyrking og drift av dyrka areal her både kostnadskrevjande og arbeidsintensivt, og er difor lite sannsynleg*». Setereigarane viser mellom anna til at det allereie er etablert vatningsanlegg på dyrkingsparsellane langs Tesse og at det ikkje vil vera noko problem og forlenge dette. Dei skriv vidare at utstyret ein treng for å dyrke har (etter at jorda her vart kartlagt som dyrkbar fyrst på 80-talet) utvikla seg og vil fortsetja og utvikle seg i dyrkar sin favør. Om dette området ikkje blir dyrka i dag, veit vi ikkje korleis behovet blir i åra framover når det gjeld både behov for nydyrking, utvising av fleire setre og beitebruk. Setereigarane stiller seg også uforståande til kvifor desse områda ligg inne som hytteområde i planforslaget når saka om dyrking enda ikkje er avgjort.

Setereigarane skriv at når det gjeld område BF14, er storparten av innlagte areal registrert som produktiv skog. Dei skriv at dette området er det einaste med produktiv skog på sørsida av Otta elv og har vore aktivt brukt for å ta ut trevirke og blir framleis brukt til dette. Setereigarane peikar på at bruken er ein av allmenningsrettane i Vårdalen statsallmenning, og dei meiner arealet bør forvaltast som skog- og beiteområde for framtida.

Setereigarane skriv at på bakgrunn av dette resonnement og overordna mål og lovverk, meiner dei at BF01, BF05 og BF14 skal takast ut av planen. Dei meiner at det i dette området må vera landbruksinteressene som skal ligge til grunn i forvaltninga og planlegginga av areala, ikkje hyttebygging.

23. Erik Visdal og Synnøve Aukrust – brev 15.09.2021 (dok. nr. 54).

Visdal og Aukrust viser til at deira uttale kjem i samband med utbygging av fritidsbustadar i område BF13 Leirhøe-Borgakampen. Dei viser til at dette er ikkje med i endeleg planforslag. Dei skriv at dei likevel finn det rett å kome med innspel her sidan dei har beiterett på Bøverkinnhalsen.

Dei viser mellom anna til at området på Bøverkinnhalsen strekk seg over eit større areal enn BF13 og at heile området ligg relativt høgt. Visdal og Aukrust skriv at dei har hatt ansvar for drifta av garden i 33 år, og at dei i den tida har hatt dyr på utmarksbeite i området.

Dei skriv at det i det avgrensa området dei har beiterett, har det vorte bygd mange hytter rundt Bøvertjønningen, noko som har vore med å forringe beiteområdet. I tillegg går riksveg 55 gjennom området med aukande trafikk. I tillegg ligg Jotunheimen Fjellhotell i beiteområdet. Alt dette er med å forstyrre beitinga, og å redusere disponibelt beiteareal.

Dei skriv vidare mellom anna at fjellbeite har stor verdi for husdyrhaldet i Lom, og dyra tek opp ein ikkje ubetydeleg del av førtrongen sin her. Det er med å utvide næringsgrunnlaget på gardane som nyttar utmarksbeite.

Visdal og Aukrust skriv at det i den tida vi nå er inne i, har vorte fokus på berekraft. Stutteist kjøtt produsert på utmarksbeite, er noko som no blir omtala som berekraftig. Det er også forska på at fjellbeite gjev ei betre feittsyresamansetninga i mjølk. Og at denne mjølka gjev høgare innhald av viktige antioksidantar. Dei skriv og at studiar tyder også på at ein finn liknande effekt på kjøtt.

Dei peikar på at beiting har positiv verknad på artsmangfaldet av planter i fjellet. Dei er kjent med at det finst fleire raudlista planteartar på Bøverkinnhalsen.

Visdal og Aukrust skriv at det er viktig å tenkje nøye over at utbygging av fritidsbustad i fjellområde ikkje er reversibelt, og at det også er med å redusere allemannsretten i naturen.

24. Statskog – brev 17.09.2021 (dok. nr. 56).

Statskog skriv at dei registrerer at det vert lagt fram forslag om fleire nye hyttefelt innfor statsallmenningane i Lom. Dei har på dette tidspunkt ikkje kommentarar til områder avsett til fritidsbustadar. Dersom områda blir teke inn i kommuneplanen, vil Statskog saman med fjellstyre på et seinare tidspunkt ta en vurdering om utbygging skal realiserast.

Statskog viser til at turisthytter som i matrikkelen er registrert som punktbeste, i planen er lagt inn som arealfigur som «fritids- og turistformål». Statskog er i utgangspunktet positive til overgangen frå punkt- til arealfeste, da dette er med på å definere arealgrensa til den enkelte verksemd. Statskog skriv at områda som er skissert i plankartet til dels er misvisande for fleire verksemder. Dei viser til at det tidlegare vart oppretta dialog mellom Lom kommune og Statskog for å definere arealfigurar kring turisthytter. Statskog skriv at dersom turisthyttene skal definerast med arealfigurar må dette skje samarbeid med Statskog og fjellstyre.

Statskog skriv at det bør setjast krav om reguleringsplan ved førespurnader om vatn- og avløpsanlegg i eksisterande hyttefelt med lågstandard, og at slike anlegg krev løyve frå grunneigar.

Statskog er skeptisk til å opne for små vindmøller med tanke på estetikk, fjernverknad og omsyn til tryggleik, samt vilt- og fugleliv. Dei skriv at slike anlegg krev løyve frå grunneigar.

Statskog meiner kommunen bør utarbeide sti- og løypeplan som grunnlag for etablering av nye eller reetablering og tiltak i stiger, skiløyper mm.

Statskog viser til at gjerding krev løyve frå grunneigar. Dei skriv at forslaget til gjerdereglar er så godt som identiske med retningsliner for gjerde som Statskog og Lom fjellstyre nyleg har etablert for statsallmenningane i Lom, og at dei strengaste føringane her vil gjelde.

25. Mattilsynet – brev 14.09.2021 (dok. nr. 57).

Mattilsynet skriv at kommunen i samsvar med folkehelseloven kapittel 2 skal ta drikkevassomsyn når den utarbeider arealdelen av kommuneplanen og reguleringsplanar, samt når den gir løyve etter relevant regelverk, jf. § 26 i drikkevassforskrifta.

Mattilsynet viser til at nasjonale mål for vann og helse, vedtatt av regjeringa i 2014 har konkrete mål som skal ivareta spesielt for å sikre vassforsyningar gjennom tiltak i planer.

Her under er mål om å knytte utilfredsstillande separate og små fellesanlegg til felles vassforsyning der kvaliteten lettare kan bli kontrollert.

Mattilsynet visar til at det i nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023 er det tydelege forventningar til at kommunar skal sikre at vassførekomstar som blir nytta til vassforsyning blir verna mot forureining slik at brukarkonfliktar kan unngåast og at befolkninga er sikra tilstrekkelege mengder helsemessig trygt drikkevatn.

Drikkevatn som ein del av kommuneplanen.

Mattilsynet forventar at drikkevatn inngår som del av infrastrukturen og er en av faktorane som vurderast når nye deler av kommunen skal regulerast og byggast ut.

Mattilsynet forventar at ein hovudplan vann og avløp inngår i oversikt over gjeldande planer/planer under arbeid.

Mattilsynet forventar at det etablerast felles vassforsyningar ved etablering av hyttefelt.

Drikkevatn og samfunnstryggleik.

Mattilsynet saknar ein sterkare presisering av at vassforsyninga er et viktig element i vurderinga kring samfunnstryggleiken og at god kvalitet på drikkevatn bør være et viktig mål for kommunen, for heile området med fastbuande og fritidsbustadar.

Mattilsynet viser at det er eit krav i drikkevassforskrifta § 9 at det skal kunne leverast tilstrekkelege mengder med drikkevatn til ein kvar tid. Mattilsynet føreset derfor at kommunen stiller krav om en detaljert ROS-analyse for den enkelte reguleringsplan. Denne må skaffe en oversikt over kapasiteten og forsyningsikkerheita i planområdet, samt i de tilgrensande områder.

Videre føreset Mattilsynet at kapasiteten i heile kommunens hovudnett og reservevassforsyning aukast og ligg i forkant av utbyggingane. Dette for at heile kommunen sikrast tilstrekkeleg mengder med drikkevatn av god kvalitet før utbyggingane startar.

Drikkevatn og leveringssikkerheit.

Mattilsynet skriv at dei har auka fokus på leveringssikkerheit, både lokalt og i et regionalt perspektiv.

Mattilsynet skriv at når det blir etablert nye bustad- og hyttefelt forventar dei at eigarskap til vassforsynings-systemet blir fastsett i reguleringsplanar i samsvar med §§ 1 og 2 i forskrift for Lom om vass- og avløpsanlegg.

26. Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen – brev

22.09.2021 (dok. nr. 58).

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen har behandla saka i møte 17. september, der det vart gjort slik vedtak om uttale:

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen legg til grunn at turisthyttene som ligg inne i verneområdet (Glitterheim, Memurubu og Gjendebu) berre skal visast med symbol og namn på kommuneplankartet, og ikkje med større areal avsett til fritids- og turistformål. Verneforskrifta gjeld fullt ut innan nasjonalparken, og alle tiltak på bygningar og anlegg må behandlast av forvaltningsstyresmakta. Det å vise enkelte område som næringsareal for turisme gjev eit uheldig signal, og kan medverke til å svekke vernestatusen og forståinga for verneforskrifta.

Bruk av arealbruken næringsformål på ferdselsruter og større område inne i nasjonalparken er heilt klart i strid med verneformålet nasjonalpark. Det er og uheldig at områda BFT21 og BFT22 er vist som næringsareal helt ned mot vasskanten på vassdraga Gjende og Muru, jf. retten til fri ferdsel langs vassdrag. Områda BFT20, BFT21 og BFT22 må derfor takast ut av plankarta og erstattast med punktsymbol som viser lokaliseringa av turisthyttene innan nasjonalparken.

Nasjonalparkstyret viser til at «høve til uforstyrta naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging» er nemnt særleg i formålsparagrafen for Jotunheimen nasjonalpark, og det vil vera i strid med verneformålet å vise viktige ferdselsruter forbi turisthyttene som blått næringsareal. Ferdselsrutene og areala elles rundt Memurubu, Gjendebu og Glitterheim må visast som LNFR-område på plankartet.

Nasjonalparkstyret føreset av planomtalen kap. 6.5 blir korrigert, slik at også Jotunheimen blir nemnd blant dei bandlagte områda for naturvern (H720) innan kommunen.

Det er positivt at planen ikkje legg opp til større utbyggingar eller andre tiltak som vil skape auka trafikk inn i verneområdet på plassar der det ikkje er tilrettelagt for å ta imot gjester, slik det er rundt dei etablerte innfallsportane ved turisthyttene i randsona.

Merknad til pkt. 3.1.4 i planføresegnene: Det bør presiserast at denne generelle opninga for antenner og vindmøller ikkje gjeld for hytter/bygningar innan verneområda. Eit krav om søknad eller melding om slike tiltak ville sikre at ein får fanga opp tilfelle som rører ved verna område eller særskilde kulturminneverdiar.

27 Statsforvaltaren – samordning av statlege motsegner – brev 23.09.21 (dok. 59 a).

Statsforvaltaren viser til at samordning av statlege motsegner til kommunale planar, er ei fast ordning som inneber at motsegner fremma av statlege styresmakter kjem samordna frå Statsforvaltaren til kommunen. Planfasen etter at motsegnene er fremma blir ikkje påverka av ordninga, men styresmaktene med motsegn og kommunen blir oppmoda til å arbeide aktivt for å avklare motsegnene lokalt. Dersom partane ikkje blir samde kan kommunen be om mekling.

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) har fremma motsegn til:

Område for råstoffutvinning i verna vassdrag, inntil det er gjort ei fagleg vurdering og lovmessig avklaring for desse uttaka (jf. vassressurslova §§ 8 og 35). Vurdering av samla effekt er vesentleg, denne må innehalde verknader av uttak, samt konsekvensar av uttaka og plassering med tanke på vernegrunnlag og andre miljøverdiar i vassdraget.

Statsforvaltaren i Innlandet har fremma motsegner til:

- Motsegn til at planforslaget ikkje sikrar at potensiale for fortetting og transformasjon vert utnytta før nye utbyggingsområde blir teke i bruk.
- Motsegn til BFT01 Konglehaugen inntil ein akseptabel tilkomst er avklart.
- Motsegn til følgjande område for råstoffutvinning
 - M80 Hovdevegen og M99 Omondjordet, konflikt med naturmangfald.
 - M104 Otta-Geitøye og M106A Otta-Liabrue (austsida av brua), konflikt med naturmangfald.
 - I Bøvra - M18 (Galdebygde), M31 (Medalen), M32 (Borgasanden), M101 (Prestsæter), M102 (Kvanndalsvoll) samt M24 (Leira ved Liasanden). I tillegg kjem M54 (Finna ved Lauva). For alle grunngjeve med at uttak av masser skjer i varig verna vassdrag.

Grunnlaget for motsegnene er m.a. føringar i T-2/16, nasjonale og vesentleg regionale interesser på miljøområdet.

28 Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE), brev 22.09.2021 (dok. nr. 59b).

NVE meiner planen ikkje tek i vare vesentlege regionale og nasjonale interesser knytt til NVEs ansvarsområde, og fremmer derfor motsegn til kommuneplanen for Lom med grunnlag i plan- og bygningsloven § 5-4 og 11-8 f), samt vassressurslova §§ 8 og 35.

I si uttale til planen skriv dei mellom anna:

Uttak av masser i vassdrag – områder for råstoffutvinning.

NVE viser til at det totalt er regulert inn 43 områder som eksisterande område for råstoffutvinning, der storleik og omfang varierer svært mye. 14 av de 43 områda har vedtekne reguleringsplanar, der 7 av de omfattar uttak i vassdrag.

NVE skriv at dersom kommunen ønsker å vidareføre reguleringsplanar i kommuneplanen, kan det etter pbl. § 11-8 f) bli avsett omsynssone kor gjeldande reguleringsplan framleis skal gjelde uendra. I lovteksten står det at «Ved bruk av denne hensynssonen skal kommunen vurdere om reguleringsplanene er i samsvar med nasjonale og regionale interesser.» NVE kan ikkje sjå at kommunen har gjort vurderingar knytt til om dei gamle reguleringsplanane er i samsvar med nasjonale og regionale interesser.

NVE viser til at kommunen har også foreslått 29 områder med arealbruksformål råstoffutvinning – eksisterande verksemd utan tidlegare reguleringsplan. 7 av disse utan reguleringsplan gjelder masseuttak i vassdrag. NVE viser til at planføresegnene § 3.7 krev at før nye områder for råstoffutvinning blir teke i bruk, eller eksisterande områder blir vesentleg utvida, skal det bli utarbeidd og bli godkjend reguleringsplan for området. Dette betyr, slik NVE tolkar det, at eksisterande uttak utan reguleringsplan ikkje treng ytterlegare lovmessig avklaring, dersom de allereie er teke i bruk som masseuttaksområder. På den måten vil eksisterande masseuttaksområder bli stadfesta ved vedtak av kommuneplanen. NVE kan ikkje sjå at det gjort nokon samla faglege utgreiingar eller konsekvensutgreiingar for temaet råstoffutvinning. Dette meiner NVE er en fagleg mangel i planen, jf. også pbl. § 11-8 f) som vist til over.

NVE skriv at dei for dei eksisterande uttaka med reguleringsplan, ikkje finn nokon omtale av om arealet som er vist i kommuneplankartet er det same som de gjeldande reguleringsplanane omfattar. NVE kan ikkje sjå at det er gjort nokon samla vurdering av masseuttaksbehovet i kommunen, samla belastning knytt til uttak i verna vassdrag, eller effektar av og formål med uttak i vassdrag. NVE viser til at masseuttaksområder i vassdrag kan ofte føre til negative konsekvensar for vassdraget og kome i konflikt med verneformål i verna vassdrag. NVE viser til at eksisterande reguleringsplanar og førre kommuneplan er vesentleg meir enn 10 år gamle, og har behov for oppdateringar både når det gjeld regelverk og praksis. NVE viser til at det har skjedd store endringar i kunnskapsgrunnlag, prioriteringar i samfunnet og politiske føringar, samtidig som kommunens behov kan ha endra seg.

NVE skriv at dei også fremmer motsegn til områder for råstoffutvinning i verna vassdrag inntil det er gjort en fagleg vurdering og lovmessig avklaring for disse uttaka (jf. vassressurslova §§ 8 og 35). NVE skriv at vurdering av samla effekt er vesentleg, denne må innehalde verknadar av uttak, samt konsekvensar av uttaka og plassering med tanke på

vernegrunnlag og andre miljøverdiar i vassdraget. NVE meiner vidare at reguleringsplanar som er 23 år gamle bør reviderast og oppdaterast i tråd med dagens lovkrav, forvaltningspraksis og faglege tilrådingar. NVE anbefaler at det stilles krav om utarbeiding av reguleringsplan for dei uttaka kommunen ønsker å vidareføre, uavhengig av om uttaket er starta opp eller ikkje.

Verna vassdrag

NVE viser til at elvene Bøvre og Finna med sideelver er verna etter verneplan I (1973) for vassdrag. NVE viser til at det er gitt føresegner knytt til disse elvene, jf. planføresegnene § 2.3 (generelt om kantvegetasjon langs vassdrag) og § 6.1 (verna vassdrag). NVE vil presisere at vernet ikkje berre er knytt til vern mot kraftutbygging og at det ikkje gjeld berre vasstrengen, men eit 100 meters belte på kvar side av vassdraget og sidevassdrag, samt andre deler av nedbørfeltet som det er fagleg dokumentert at har betydning for vassdragets verneverdi. NVE meiner føresegna § 6.1 er god, men den manglar omsynet til annet enn vasstrengen, jf. rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag. NVE tilrår at dette inkluderast i planen.

Naturfare - omsynssoner

NVE meiner innteikning av faresoner på plankart og planføresegner er tilfredsstillande når det gjeld skred.

NVE viser til at det for flaum er det gjeve føringar i føresegnene § 7.1.4. Kommunen bruker omgrepet «kan» om krav til utredning av flaumfare for byggetiltak innafor omsynssona. Dette bør etter NVEs syn være «skal» i en form som «innafor omsynssone H320 skal tilstrekkeleg sikkerheit jf. byggt teknisk forskrift være dokumentert ivaretatt for nye byggetiltak». NVE viser til at dokumentasjonskravet ved tiltak ligger på tiltakshavar, og kommunen skal sjå til at det er ivaretatt. NVE skriv at dersom kommunen meiner at aktsemdskarta ikkje er tilstrekkelege eller gode nok, burde man gjort en fagleg gjennomgang i forbindelse med kommuneplanprosessen og silt ut de områda som opplagt fell utanfor potensielle fareområder. NVE meiner planføresegna bør presisere det lovpålagte dokumentasjonskravet (jf. pbl. 28-1 og byggt teknisk forskrift § 7-2) betre enn føresegna gjer i dag, og tilrår ei endring av føresegna slik at dette kravet kommer tydelegare fram.

Overvatn

NVE meiner kommunen med fordel kunne hatt en meir aktiv tilnærming til overvann i kommuneplanen, både gjennom analysar, verkemiddelbruk og konkrete krav til framtidig regulering. NVE skriv at dei er klar over at Lom ikkje har stor del harde flater og urbane områder, men klimaendringane gjer at styrtregn vil danne grunnlaget for kva vi dimensjonerer for, og dette vil også kunne ramme Lom og de tettast bygde områda i kommunen.

NVE skriv at arealbruken må bli styrt gjennom kommunen si planlegging slik at ikkje nye byggetiltak bidrar til auka risiko for overvatn. Dei skriv at det er ei offentleg planoppgåve å sørge for trygg bortledning av overvann, jf. pbl. § 3-1 bokstav g. Kommuneplanens arealdel bør sette av tilstrekkeleg areal til trygg bortleiing av større vassmengder og regulere korleis desse vassmengdene skal leiast trygt til resipient. For større nedbørfelt kan det bli aktuelt å sette av areal også til fordrøying i kommuneplanen.

NVE skriv at kommuneplanen bør avklare kva for vassmengder som skal takast hand om i det enkelte byggeområde, og kva for vassmengder som kan leiast vidare, dvs. korleis

overskytande mengder skal leiast trygt til resipient. Dette kan gjerast gjennom føresegnar som pålegg utbyggar å infiltrere og fordrøye ein gitt prosentsats av årsnedbøren, ein fast nedbørsum i millimeter per regnhending eller en bestemt returperiode og varigheit. NVE skriv at føresegnene vidare beskrive korleis overskytande vassmengder skal leiast vidare til offentleg flaumveg eller resipient. Det er forholda på staden og nedbørfeltet som avgjer kva som er tilstrekkeleg sikkert.

Vassuttak

NVE viser til at kommunen har følgjande vasskjelder vist i planen: Garmo, Galdesand og Leirmo, samt Juvvatnet som fungerer som vasskjelde for bedriftene i området.

NVE minner om at uttak av overflatevatn må avklarast i forhold til vassressurslova sine reglar(jf. vrl. §§ 8 og 18). For eldre vassuttak utan konsesjon, anbefaler NVE at kommunen vurderer om uttaket treng konsesjon etter vassressurslova § 8.

NVE minner om at for grunnvassuttak er vassressurslova § 45 formulert slik at det er meldeplikt til NVE som slår inn når vassuttaket overstig 100 m³/døgn. Konsesjonsplikta gjeld uavhengig av uttaksvolum og slår inn der grunnvassuttaket kan være til nemneverdig skade eller ulempe for allmenne interesser. NVE skriv at det derfor ikkje er automatikk i at kommunen fritt kan auke vassuttaket frå eksisterande brønnar, sjølv om uttaket haldast under 100 m³/døgn. To sentrale spørsmål er om uttak av grunnvatn blir avgrensa til det grunnvassmagasinet kan belastast med, jf. vrl. § 44, eller om vassdrag kan bli negativt råka av auka uttak jf. vrl. § 10. NVE skriv at så lenge uttaket ikkje er meldepliktig må kommunen sjølv foreta ei vurdering av om ei aukiing av grunnvassuttaket kan være konsesjonspliktig.

29 Statsforvaltaren i innlandet, brev 23. 09.2021 (dok. nr. 59c).

Statsforvaltaren meiner kommunen har gjort eit godt arbeid med arealdelen til kommuneplanen, men på nokre område finn dei planforslaget i strid med nasjonale eller sterke regionale omsyn som dei skal ivareta. Statsforvaltaren fremmer derfor følgjande motsegn til planforslaget:

- Motsegn til at planforslaget ikkje sikrar at potensiale for fortetting og transformasjon vert utnytta før nye utbyggingsområde blir teke i bruk.
- Motsegn til BFT01 Konglehaugen inntil ein akseptabel tilkomst er avklart.
- Motsegn til følgjande område for råstoffutvinning:
- M80 Hovdevegen og M99 Omondjordet, konflikt med naturmangfald.
- M104 Otta-Geitøye og M106A Otta-Liabrua(austsida av brua), konflikt naturmangfald
- I Bøvra - M18 (Galdebygde), M31 (Medalen), M32 (Borgasanden), M101 (Prestsæter), M102 (Kvanndalsvoll) samt M24 (Leira ved Liasanden). I tillegg kjem M54 (Finna ved Lauva)

Statsforvaltaren viser til nærare omtale under av dei einskilde motsegnene kva som er grunnlaget og kva som må gjerast for å imøtekomme dei.

I tillegg til motsegna har Statsforvaltaren også ein del faglege merknader som dei legg til grunn at vert vurdert.

Jordvern

Statsforvaltaren viser til at det sidan førre rullering av arealdelen til kommuneplanen i 2003, har skjedd ei vesentleg endring i synet på jordvern og å sikre god arealutnytting. Omsynet til

jordvern har vore handsama av Stortinget mange gonger og det nasjonale jordvernmålet har stadig blitt stramma inn. Siste innstramming gjorde Stortinget i juni 2021 og det nasjonale jordvernmålet er no at innan 2025 skal den årlege omdisponeringa av dyrka jord vere mindre enn 3000 daa/år. For Innlandet inneber dette at den årlege omdisponeringa av dyrka jord skal vere mindre enn 300 daa/år.

Statsforvaltaren peiker på at det er viktig å ikkje legge ut for mykje areal til utbyggingsformål om gongen. Når ein legg ut mykje areal så tilseier erfaring at arealutnyttinga ofte blir for dårleg. Dette gjeld alle arealformål, både bustadområde, næringsområde og areal for offentleg verksemd. Statsforvaltaren meiner at kommunen heller rullere planen oftare, noko også plan- og bygningslova legg opp til. Ved rullering av arealdelen til kommuneplanen er det viktig at tidlegare avsette areal også vert vurdert, - både i forhold til nye mål om bruk av dyrka jord og krav om høgare arealutnytting. Før ein legg ut nye område er det viktig både å vurdere ei betre utnytting av areal som allereie er tatt i bruk gjennom fortetting og å sjå på moglegheita for omforming av areal gjennom å endre bruken av areal som allereie er omdisponert til andre formål enn landbruk. Potensialet for fortetting og transformasjon bør være kartlagt og utnytta før nye område for utbygging vert lagt inn i plankartet og tekne i bruk.

Statsforvaltaren skriv at kommuneplanforslaget legg opp til ei omdisponering av totalt ca. 12 daa dyrka jord (av dette 8 daa fulldyrka og 4 daa innmarksbeite). Mesteparten av dette går til gang- og sykkelveg langs rv. 15 men også utviding av kyrkjeanlegget ved Garmo kyrkje med parkering og utviding av kyrkjegarden krev dyrka jord.

Statsforvaltaren skriv at når det gjeld dyrkbart areal så er omfanget her av eit vesentleg større omfang. Totalt er det foreslått omdisponering av ca. 258 daa dyrkbart areal. Ca 50 daa av dette er omfatta av BB03 i Frisvollskogen som ligg under 400 moh. Resten av dyrkbart areal som er foreslått omdisponert ligg på Nordsætrin frå ca. 860 – 895 moh.

Statsforvaltaren peikar på at det ikkje er mykje dyrkbart areal av noko størrele nede i bygda i Lom. I Frisvollskogen er det eit samanhengande område på ca. 80 daa, og når en legg opp til omdisponering av 50 daa av dette arealet, så inneber det ein vesentleg reduksjon av tilgjengeleg dyrkbart areal nede i bygda.

Barn og unge.

Statsforvaltaren meiner barn og unge er godt ivareteke i planen, men dei ber kommunen om å vurdere å endre føresegn 3.2.1 a) slik at nærleikeplass på minst 100m² blir opparbeida tidlegare og ikkje så seint som ved 25 bueiningar.

Bustader.

Statsforvaltaren viser til at planforslaget omfattar tre nye område for bustadbygging, alle i Frisvollskogen på Garmo. Dei skriv at desse ut frå kommunens eigne vurderingar samla sett legg til rette for ca. 35-40 nye einestader, eller grovt rekna 50 einingar dersom ein byggjer ut fleirmannsbustader. Kommunen viser til behovet for å ha tilgang til nye bustadtomter for å generere auka tilflytting og sikre at folk ikkje flyttar ut av kommunen. Statsforvaltaren viser til at ut frå statistikk i planomtalen dekkjer dette kommunens bustadbehov i 10-12 år, slik bustadbygginga har vore dei seinaste åra.

Statsforvaltaren skriv at ut frå areal- og transportomsyn, skulle bygging av nye bustader i kommunen i hovudsak vore lokalisert til Fossbergom, der hovuddelen av arbeidsplassar og servicetilbod i kommunen er lokalisert. I tillegg kjem det momentet kommunen sjølv peiker

på i planomtalen – ein stadig aukande del eldre innbyggjarar. Desse har etter kvart redusert mobilitet, og statsforvaltaren peikar på at det er viktig med korte avstandar mellom bustad og servicetilbod.

Statsforvaltaren skriv at dei er godt kjend med utfordringane med å finne nye bustadareal i kommunesenteret som har tilstrekkeleg sikring mot ras og skred. Samstundes minner Statsforvaltaren om at det blei lagt inn tre nye svært sentrumsnære fortettingsområde for kombinert forretning og bustad i kommunedelplan for Fossbergom. Statsforvaltaren skriv dei er redd for at for god tilgang til bustadtomter på Garmo, som er enkle å byggje ut, ikkje syter for tilstrekkeleg etterspørsel etter sentrumsnære bustader i Fossbergom. Statsforvaltaren har erfaring for at fortettingsprosjekt og bustadbygging i sentrum er meir krevjande å gjennomføre, særleg dersom det ikkje er tilstrekkeleg etterspurnad.

Statsforvaltaren minner om føringar i statlege planretningsliner for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging om å utnytte eksisterande potensiale for fortetting og transformasjon før nye utbyggingsområde blir teke i bruk. Dei viser til at desse føringane er innarbeid i rundskriv T-2/16, Nasjonale og vesentleg regionale interesser på miljøområdet, jf. kap. 3.4 om klima. Statsforvaltaren fremmar **motsegn** til kommuneplanforslaget på dette grunnlaget.

Statsforvaltaren understrekar likevel at dei ikkje motsett oss bustadbygging i Garmo, men dette må balanserast tydelegare mot planlagt utbygging i kommunesenteret gjennom fortetting. Statsforvaltaren forventar at kommunen drøftar og greier ut dette nærare, og evt. vurderer styring med rekkjefølgjeføresegner for planlagt utbygging i Frisvollskogen i Garmo. Dei viser til at kommunen i denne vurderinga kan vektlegge at område BB03 fører til omdisponering av 50 daa dyrkbart areal.

Fritidsbustadar

Statsforvaltaren skriv at Lom kommune tradisjonelt har satsa lite på fritidsbustader, som eit gjennomtenkt og bevisst val. Men det er bygt opp ei rekkje reiselivsbedrifter i kommunen med kommunens unike fjellnatur som grunnlag og attraksjon. Statsforvaltaren viser til at det i vedteke samfunnsdel er tilrettelegging for fritidsbustader eit overordna mål, og dette er nå følgd opp i arealplanforslaget.

Statsforvaltaren viser til at det i arealplanforslaget er det lagt inn fem nye område for fritidsbustad, fire av desse ligg rundt det regulerte vatnet Tesse og det siste ligg ca. 4 km SØ for Fossbergom, nær Meadalen.

Statsforvaltaren skriv at dei ikkje har vesentlege miljøvernlege merknader til dei fem foreslåtte hytteområda. Dei registrerer at det innafor område BF01 er registrert eit mindre areal med djup myr i vest, delvis utafør avsett område og føreset at dette ikkje blir omfatta av utbygging ved seinare regulering.

Fritids- og turistformål

Statsforvaltaren viser til at det er omtalt 12 turisthytter/hotell som i gjeldande plan var vist med punktymbol men som no er vist med arealformål. Statsforvaltaren peikar på at dette er ein endring av plan som krev konsekvensutgreiing dersom ikkje arealet er regulert til føremålet. Statsforvaltaren er gjort kjent med at avgrensinga av blått areal rundt Gjendebu dekkjer ferdselsåra for beitedyr som skal inn mot Storådalen. Statsforvaltaren meiner at her må slike areal leggest ut som LNFR-formål. Ved Memurubu er setra i aust vist med blått næringsareal i staden for grønt LNFR. Statsforvaltaren legg til grunn at det vert gjort

konsekvensutgreiing av desse endringane av arealformål og at det vert sett nærare på avgrensinga i forhold til andre brukarinteresser som for eksempel landbruk.

Statsforvaltaren viser til at områda BFT07 Krossbu, BFT08 Bøvertun, BFT15 Spiterstulen, BFT21 Memurubu og BFT22 Gjendebu har avsett (eksisterande) utbyggingsareal ut mot vassdrag, delvis mot varig verna vassdrag. Statsforvaltaren ber kommunen legge inn ei romsleg buffersone med LNF-føremål mot vassdraget.

Statsforvaltaren viser til at det til område BFT01 Konglehaugen, er oppgitt at transport til og frå anlegget for utleige og drift av husbåtar, skal skje med ATV og traktor. Statsforvaltaren registrerer at det er nokså bratt her og meiner samstundes at utbygging og delvis drift av eit slikt anlegg er lite realistisk utan ein permanent veg med tilfredsstillande stigningstilhøve. Statsforvaltaren viser til at slik tilkomst ikkje er vist i kommuneplanframlegget og normalt vil dei ikkje krevje dette. Dei skriv at utfordringa her er likevel at tilkomst til anlegget verkar å måtte gå over anten fulldyrka jord eller langs vatnet med utvald naturtype, slåttemark og utforming lauveng, namnsett Nyrnes. Statsforvaltaren meiner dette inneber at tiltaket kan kome i konflikt med anten nasjonale miljøverdiar og/eller det nasjonale målet om å redusere avgang av dyrka jord, jf. m.a. rundskriv T-2/16, Nasjonale og vesentleg regionale interesser på miljøområdet, kap. 3.6 om naturmangfald, og nasjonal jordvernstrategi. Statsforvaltaren vil ikkje avvise at tiltaket kan gjennomførast her, men fremmar likevel **motsegn** fram til realistisk tilkomst utan slik mogleg konflikt som nemnt over er avklart.

Råstoffutvinning – vidareført frå gjeldande kommuneplan

Statsforvaltaren viser til at det på plankartet, er sett av 29 område med arealbruksformål råstoffutvinning - eksisterande, ingen av desse er omfatta av reguleringsplan. Dei blei godkjent i en eigen kommunedelplan for sand, stein og grus i 1997 og seinare innarbeidd i gjeldande arealdel til kommuneplanen godkjent i 2003. Statsforvaltaren viser til at ingen av områda er vurdert på nytt i arealdelen som nå er på høyring, men dei er lista opp i planomtalen og i planføresegnene, kap. 3.7.

Statsforvaltaren viser til at det m.a. er knytt følgjande føresegn til uttaksområda: «Før nye område for råstoffutvinning vert teke i bruk, eller at eksisterande område for råstoffutvinning vert vesentleg utvida, skal det bli utarbeidd og godkjent reguleringsplan for området, jf. Pbl § 11-9 nr. 1.»

Statsforvaltaren tolkar dette slik at for eksisterande område der det er teke ut noko masse allereie, kan uttaket vidareførast, utan reguleringsplan. Og at det opnar for ei viss utviding av eksisterande massetak, utan reguleringsplan.

Statsforvaltaren meiner alle desse områda burde vore konsekvensutgreidd på nytt, og oppdatert i høve til ny kunnskap og evt. endra føresetnader. Statsforvaltaren meiner opplegg og siktemål for ein slik gjennomgang bør vere:

- sjå det samla behovet for masseuttak i samanheng, med siktemål å redusere antal område
- oppdatere om evt. ny kunnskap om naturmangfald mm.
- sette krav om reguleringsplan, særleg der avsett uttak er stort og det er teke ut lite masse, evt. er eit behov for uttak av større mengder masse over lengre tid og/eller uttaksområdet ligg svært eksponert (fleire uttak i planen ligg godt over skoggrensa, delvis heilt opp mot 1.500 moh)
- vurdere generelle rammer for uttak som ikkje blir omfatta av krav om regulering, som m.a. ein tidsfrist for avslutning, innskrenking av uttaksområdet, krav om revegetering mv.

Statsforvaltaren viser også til at det er også nokre feil i oversendinga av arealdelen knytt til masseuttak, som vi er gjort merksam på frå kommunen i høyringsperioden. Statsforvaltaren oppmodar kommunen om gjennomføre ein gjennomgang av områda for råstoffutvinning, og oppretting før evt. ny høyring av kommuneplanen, som ein del av ei mogleg andre gongs høyring. Statsforvaltaren meiner nemnde feil og manglar peikar i retning av eit klart behov for ei ny høyringsrunde.

Ein gjennomgang av alle områda for råstoffutvinning i høve til dei omsyna som Statsforvaltaren skal ivareta i planlegginga, i hovudsak verdiar knytt til naturmangfald, viser at det er konflikt i høve til nasjonale omsyn i planlegginga i følgjande område:

1. M80 Hovdevegen og M99 Omondjordet, pga. nærleik til artar Statsforvaltaren har særleg ansvar for. Statsforvaltaren vil gje kommunen nærare informasjon, gjennom kanal som ikkje er omfatta av offentleg innsyn.
Statsforvaltaren fremmar motsegn til desse to områda for råstoffutvinning. Dei viser til rundskriv T-2/16, Nasjonale og vesentleg regionale interesser på miljøområdet, jf. Kap. 3.6 om naturmangfald.
2. M104 Otta-Geitøye og M106A Otta-Liabrua (austsida av brua). Begge desse uttaksområda har førekomst eller er rett ved førekomst av den prioriterte arten elvesandjeger som er høgt raudlista (EN – sterkt truga). I tillegg ligg M104 i ein naturtype karakterisert som viktig (Bøvra sitt utløp, deltaområde).
Statsforvaltaren fremmar **motsegn** til desse to områda for råstoffutvinning. Dei viser til rundskriv T-2/16, Nasjonale og vesentleg regionale interesser på miljøområdet, jf. Kap. 3.6 om naturmangfald.
3. Statsforvaltaren oppmodar vidare kommunen sterkt om å vurdere reguleringskrav for områda M106V vest for Liabrua og M108 Yttervikje. Når det gjeld område M105 ved Garmo ber Statsforvaltaren kommunen også her sterkt om å vurdere reguleringskrav for dette området, evt. vurdere om det ikkje bør takast ut av planen. Alle tre uttaka gjeld uttak i vassdrag. M105 er stort og har etter det Statsforvaltaren ser av historiske ortofoto vore i drift over lengre tid. Dei visar til at det er teke ut mykje masse her, og dei er usikker på om uttaket skjer i vatn eller på land ved låg vassføring. Statsforvaltaren skriv at uttaket uansett bør lokaliserast slik at det ikkje skjer innafør deltaområdet Odde, naturtype deltaområde, utforming lite og mindre formrikt delta. Statsforvaltaren viser til at det i faktaark i Naturbase er verdsett som «lokalt viktig» etter registrering i 2006, men kunnskapsgrunnlaget her kunne med fordel vore oppdatert. Det er ei klar oppmoding i faktaarket om å stoppe vidare uttak av grus innafør deltaområdet. Som eit minimum føreset Statsforvaltaren at uttaksområdet blir avgrensa utanfor registrert naturtype, eller i hovudsak utanfor denne. Vi gjer merksam på at det ut frå ortofoto er tydeleg at det har skjedd, evt skjer framleis, masseuttak godt utanfor område M105.
4. I tillegg vil Statsforvaltaren oppmode kommunen sterkt til å vurdere kritisk om M1 Stallhytta-Veodalen, M50 Illmyrbakkjin, M81 Juvasshytta og M91 Liasetra, ikkje bør takast ut av planen av landskapsomsyn og vassdragsomsyn evt. omfattast av krav om reguleringsplan.
Statsforvaltaren viser til at masseuttaka ligg delvis svært eksponert i høgfjell og delvis nær vassdrag.
5. Statsforvaltaren viser til at det i kommuneplanforslaget ligg det etter informasjon i kap. 5.1.7 i planomtalen, også inne totalt 13 område for råstoffutvinning som er regulerte, 7 av desse i vassdrag. Statsforvaltaren viser til at desse omfattar i alt 6 uttak i det varig verna vassdraget Bøvre, verna gjennom verneplan IV i 1993. Uttaka er M18 (Galdebygde), M31 (Medalen), M32 (Borgasanden), M101 (Prestsæter), M102 (Kvanndalsvoll) samt M24 (Leira ved

Liasanden). I tillegg kjem M54 (Finna ved Lauva) i det varig verna vassdraget Finna (også verneplan IV). Statsforvaltaren viser til at uttaksområda var inne i ein eigen kommunedelplan for sand, stein og grus vedteke i 1997, omfatta av reguleringsplanar vedteke i 1998 og vidare vist som *unnateke rettsverknad* i kommuneplanens arealdel i 2003, fordi gjeldande reguleringsplanar skulle vidareførast. Statsforvaltaren legg til grunn at regulerte uttak i si tid var tufta på ei samfunnsmessig nyttevurdering som var vege mot verneverdiane i vasstrengen og kantsoner. Statsforvaltaren skriv at dei likevel saknar ei oppdatert vurdering av samla konsekvens av uttaka og konkret konsekvens i kvart einskild område. Statsforvaltaren viser her til eit tydelegare fokus på verneverdiane i vassdrag i vassressurslova (2001) og naturverdiar gjennom naturmangfaldlova (2009). Statsforvaltaren viser til at det nå har gått 18 år sidan uttaksområda blei stadfesta gjennom siste kommuneplan. Ut frå dette, samt nye og innskjerpa føringar knytt til verdiar i vassdrag, fremmer Statsforvaltaren **motsegn** til dei 7 nemnde masseuttaka i varig verna vassdrag. Vi viser til rundskriv T-2/16, Nasjonale og vesentleg regionale interesser på miljøområdet, jf. Kap. 3.12 om verna vassdrag og føresegn om rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag (1994). Statsforvaltaren skriv at motsegna kan imøtekomast gjennom ei ny og samla vurdering av konsekvensar ved uttaka i vassdrag. Det må gjerast ei oppdatering av kunnskapsgrunnlaget om naturmangfald, vurderast konsekvensar av uttaket knytt til korleis uttaka påverkar naturlege prosessar i vassdraget inkludert levevilkår for fisk. Statsforvaltaren forventar også at samla nytteverdi av dei ulike uttaksområda blir synleggjort. Dersom det er massetransport og masseavlagring som er hovudutfordringa må ein også ta stilling til kva uttaksområde i nedbørområdet som gjev best effekt i høve til dette. Statsforvaltaren viser til at uttaksområde M54 ligg i tillegg innafor naturtypen Odden i Finndalen, type Kroksjøar, flaumdamm og meandrerande elveparti, verdsett som svært viktig. Statsforvaltaren meiner dette gjev ekstra tyngde til motsegna for dette området.

Samferdselsanlegg – nye strekningar med gang- og sykkelveg.

Statsforvaltaren viser til at det er lagt inn fire nye strekningar med gang- og sykkelveg, GSV01-04, alle langs rv. 15. Totalt legg desse strekningane til rette for ca. 5 km med ny gang- og sykkelveg. Det er berekna eit beslag av dyrka jord på om lag 7 daa. Statsforvaltaren er samd med kommunen i at gang- og sykkelveg på desse strekningane er viktig for dei som bur langs vegen og at ein av den grunn kan akseptere ei omdisponering av dyrka jord. Sjølv om ein aksepterer omdisponering av dyrka jord til gang- og sykkelveg, må ein i den vidare prosessen med reguleringsplanar søke arealeffektive løysingar som minimerer forbruket av dyrka jord.

LNFR for spreidd utbygging av bustadar.

Statsforvaltaren viser til at det er foreslått eitt nytt område, LNF-B01 i Lia langs Flatmovegen. Arealet som er avsett, er rekna å kunne gje plass til 3 tomter. Ingen beslag av dyrka mark. Statsforvaltaren har ikkje vesentlege merknader til området.

LNFR for spreidd utbygging av fritidsbustadar.

Statsforvaltaren viser til at det i planen er det lagt inn eitt lite område i Svartlie, sør for Meadalen. Etter det dei kan sjå ligg det allereie to hytter her. Det er sannsynlegvis plass til to hytter til her, utan innlagt vatn og straum.

Statsforvaltaren peiker på at det generelt er uheldig å leggje til rette for nye hytter utan vatn og straum, men aksepterer likevel området med inntil to nye hytter. Det bør gjerast merksam på at i dette området er enkel standard ein føresetnad som ein ikkje kan pårekna at kan bli endra.

Kyrkjer og kyrkjegardar.

Statsforvaltaren viser til at det innafor planområdet er gravplassar. For gravplassane bør nytte arealformålet «grav- og urnelund» i staden for «offentleg eller privat tenesteyting». Gravplassar er i praksis vanskeleg å nytte eller regulere om til andre formål.

BOP 1: Parkeringsplass ved Garmo kyrkje. Statsforvaltaren har forståing for at det kan vere naudsynt med meir parkering for dei som vitjar kyrkja og gravplassen. Samstundes ser dei at konsekvensutgreiinga syner at tiltaket vil ha noko negativ konsekvens for landbruk, landskap og kulturminne. Det vert lagt opp til ein stor auke av parkeringsareal på dyrka jord. Sjølv om terrenget er hellande så inneber ein auke av arealet med 3,5 daa ei auke i parkeringsareal på 800 %.

Statsforvaltaren er tvilande til at det er behov for ei så stor auke i parkeringsareal og meiner at arealet bør reduserast vesentleg. Samstundes må det stillast krav om ein effektiv arealutnytting. Statsforvaltaren meiner og at ein utbygging av parkeringsanlegg her er eit så stort tiltak at både for å sikre medverknad, ei god arealutnytting og at utforminga vert best mogeleg, så må ein ha krav om reguleringsplan for parkeringsplassen og kyrkjebakken. Dette må takast inn som føresegn for området jf. Merknad til planføresegna pkt. 3.5 under.

BOP 2: Gravplassutviding Garmo kyrkjegard. Statsforvaltaren reknar med at ein har vurdert at grunnforholda er eigna for gravlegging. Statsforvaltaren skal godkjenne gravplassplanen når den er klar, jamfør § 4 i gravplassloven.

Framlegg til kommuneplanføresegner.

Statsforvaltaren skriv at det i innleiinga i føresegnene står at kommunedelplan for Fossbergom «vil fortsatt gjelde». Statsforvaltaren tilrår at det her kjem fram at arealplankartet ikkje omfattar dette området og at ny kommuneplan difor ikkje har nokon rettsverknad for Fossbergom.

Statsforvaltaren skriv at dei oppfattar vidare at dei generelle føresegnene i ny kommuneplan skal gjelde framfor eldre planføresegner så langt det her er ein motstrid med eldre planar. Dette bør presiserast. Det synast gjort nokre unntak i dei følgjande føresegnene og Statsforvaltaren skriv at føresegna om rettsverknad derfor bør innleiast med/føyst til at dette gjeld «dersom ikkje anna går fram av føresegnene (i KPA)».

Statsforvaltaren skriv at det i pkt. 2.1 c) i føresegnene kunne kome betre fram at unntaket frå plankravet berre gjeld tiltak som i dag er bygd med bustad eller fritidsbustad og tiltak på enkelttomt som er godkjend frådelt.

Statsforvaltaren har nokre merknadar til ordbruken i pkt. 2.3 som gjeld byggegrenser mot vassdrag, og meiner det bør gå betre fram om det eventuelt er byggegrense mot vassdrag i reguleringsplan som skal gjelde framfor byggegrense som er vist i kommuneplanen dersom det er avvik.

Statsforvaltaren spør om det bør stå i føresegnene at det generelt er tillate med solcellepanel på tak (pkt. 3.1.2 c)), parabolantennar eller små vindmøller (pkt. 3.1.4). Statsforvaltaren meiner at kommunen bør krevje søknad, t.d. der dette må vurderast i høve til bygningsmiljø/kulturminne.

Til pkt. 3.3.1 a): Statsforvaltaren spør om det generelt er behov for krav om 2 parkeringsplassar for fritidsbustad.

Til pkt. 3.3.1 b): Statsforvaltaren meiner det er uklart kva for utnyttingsgrad/maksimalt bygningsareal som skal gjelde der det er eldre reguleringsplan for fritidsbustad slik det er skrive.

Til pkt. 3.3.1 c): Statsforvaltaren meiner at om kommunen skal godkjenne større bygningsareal enn 100 m2 BRA for fritidsbustad i uregulert område dominert av gardstun og bustadbygg, må det krevjast søknad om dispensasjon.

Til pkt. 3.3.3: Statsforvaltaren spør om ein bør krevje søknad for oppsetting av gjerde i tilknytning til fritidsbustad, slik at det er kommunen som vurderer om gjerde er til hinder for ferdsel langs eksisterande stigar og råk for dyr og folk.

Til pkt. 3.5: Statsforvaltaren meiner det bør stillast plankrav til opparbeiding av nye parkeringsplassar ved Garmo kyrkje (BOP01).

Til pkt. 3.6: Statsforvaltaren meiner det bør stillast plankrav til område for utviding av arealet på Raubergstulen (BFT02_f, og at reguleringsplanlegginga da også må omfatte eksisterande bygnad på Raubergstulen (BFT03).

Til pkt. 3.7: Statsforvaltaren meiner det bør stillast plankrav til alle utvidingar av område for råstoffutvinning, ikkje berre ved «vesentleg» utviding (jf. 3.7 a). Statsforvaltaren meiner dessutan at det må stå at utgreiing i samband med detaljregulering må omfatte «støy».

Til pkt. 5.1: Statsforvaltaren meiner det som minimum bør vere ei retningsline knytt til behovet for kårbustad ved vurdering av bustad nr. 2 på gardsbruk.

Til pkt. 5.2 b): Statsforvaltaren meiner bustadtomter i på 3 daa i område for LNFR med spreidd bustadbygnad i Lia, ikkje er i tråd med ei god arealutnytting. Statsforvaltaren tilrår at det vert gjeve rammer for kva som kan tillast av storleik på bustadar mm.

Til pkt. 5.2 b): Statsforvaltaren har merknad om at det er gjeve føresegner til omsynssonar ved Ilvas utlaup i Tesse som er tilrettelagt for friluftsliv, og skriv at det normalt berre kan gjevast retningsliner til omsynssoner heimla i PBL § 11-8 bokstav c).

Reindrift.

Statsforvaltaren skriv m.a. at kommuneplanen sin arealdel er eit av dei viktigaste verktøy for å sikre ei berekraftig forvaltning av reindriftsområda, slik at dei gjeldande mål i reindriftspolitikken blir nådd. Derfor er det positivt at reindrifta sine behov for beiteområde er synleggjort gjennom arealformålet LNFR i plankartet. Statsforvaltaren registrerer elles at reindrifta, som er en vesentleg næringsaktør i kommunen og regionen, får svært liten plass i planomtalen, og føresegner og retningsliner til plana.

Statsforvaltaren vurderer dei 5 nye hytteområda i planforslaget til å ligge på areal som ligg perifert/i ytterkanten av reindrifta sitt kjerneområde i kommunen. Statsforvaltaren saknar likevel ei vurdering av plana si innverknad på reindrifta i konsekvensutgreiinga som er utført i samband med plana.

Samfunnstryggleik og beredskapsomsyn.

Statsforvaltaren viser mellom anna til at det er utarbeidd risiko- og sårbarheitsanalyse for kommuneplanen sin arealdel. I analysen opplyst det om at areal med fare for skred og flaum er lagt inn på plankartet som faresoner. Vidare viser Statsforvaltaren til at det som vedlegg til planen er utarbeidd tematiske kartutsnitt, der aktsemdsområder for flaum, flaumskred, steinsprang og snøskred er viste som faresoner, og at det er knytt planføresegner til faresonene.

Statsforvaltaren viser til at Det er laga risiko- og sårbarheitsanalyser for nye område som er vurderte for utbygging, og at ROS-analysane dannar grunnlag for vurderingane av risiko- og sårbarheit som er omtalt i KU. Statsforvaltaren viser til at hendingar som er vurderte i ROS-analysen for dei enkelte utbyggingsområda er flaum, ras/skred, overvassflaum, trafikkulykker og støy.

Statsforvaltaren meiner dei ovannemnde tema er systematisk og grundig vurdert for kvar av dei føreslegne utbyggingsområda. Risikoreduserenda tiltak og vidare oppfølging i arealplanlegginga er omtalt og tatt inn mellom anna i planføresegnene.

Statsforvaltaren legg til grunn at kommunen får fråsegn til planen frå Norges vassdrags- og energidirektorat, slik at faglege vurderingar som gjeld skred og flaum blir teke hand om. Dette gjeld både for arealdelen til kommuneplanen generelt, og dei føreslegne utbyggingsområda spesielt.

Statsforvaltaren meiner på bakgrunn av dette, at samfunnstryggleiks- og beredskapsmessige omsyn synast å vere ivareteke i arealdel til kommuneplanen.

30 Innlandet fylkeskommune, brev 21.09.2021 (dok. nr. 60).

Fylkesutvalgets har ved behandling av sak 110/2021 i møte den 21.09.2021 gjort følgjande vedtak:

1. *Fylkesutvalget vurderer kommuneplanen for Lom som godt gjennomarbeidet. Planforslaget tar stilling til de aktuelle utfordringene kommunen står overfor. Planen har fokus på de nasjonale forventningene til samordna bo-, areal- og transportplanlegging. Samtidig søker kommunen å ivareta ønsker om å kunne bo ruralt. Dette er utfordrende, men planforslaget viser at kommunen er realistisk gjennom forståelse for egen situasjon og fremtidige utviklingsretning.*
2. *Av hensyn til beitebruk og kulturlandskap anbefaler Fylkesutvalget at hytteområdet BF12_f Nåvårsætervangen ved Tesse tas ut av arealplanen.*
3. *For område BN01 og BN03, Lågkollen vest, anbefaler Fylkesutvalget at det knyttes bestemmelser til hvilken type næringsvirksomheter som tillates i samsvar med ABC-prinsippet (C-område). Det bør ikke legges opp til handelsvirksomhet på området. Kommunen bør se på mulighetene for tilrettelegging for redusert bilbruk med vurdering av tilrettelegging for gående, syklende og mulighet for bruk av buss. Nødvendige tiltak bør vurderes tatt inn som rekkefølgebestemmelser.*
4. *Fylkesutvalget viser til bestemmelsen om utbyggingsrekkefølge pkt. 2.10 a) og ber om at behov for gang og sykkelvei tas med som forhold som må avklares før utbygging starter opp.*
5. *Til bestemmelser i kap. 4. Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur – pbl § 11-7 nr 2: For fylkesveger foreslår Fylkesutvalget at følgende formulering tas inn som en retningslinje, og ikke en planbestemmelse: «For byggegrenser og holdningsklasser til fylkesveger er det til enhver tids gjeldende vegnettsplan for fylkesveger som skal legges til grunn».*
6. *Til bestemmelse 5.2 LNFR for spreidd utbygging av bustader viser Fylkesutvalget til at det må foreligge bestemmelse for maksimalt antall tillatte boenheter også i eksisterende områder for spreidd boligbygging.*
7. *Fylkesutvalget anbefaler at kommunen foretar en gjennomgang og en ny vurdering av masseuttaksområder som ikke har reguleringsplan med tanke på behov, konfliktnivå og kunnskapsgrunnlag. Samtidig bør det foretas en vurdering med gjennomgang av de masseuttaksområdene som har reguleringsplan for å se på kunnskapsgrunnlaget og om de inkluderer tilstrekkelige avbøtende bestemmelser.*

Fylkeskommunedirektørens vurderingar ligg som bakgrunn for vedtaket i Fylkesutvalet, og er del av oversendinga. Ein refererer under dei forhold som er omtalt her som har vesentleg tilleggsinformasjon ut over det som står i vedtaket.

Fritidstomter/bustadar.

Fylkeskommunedirektøren skriv at BF12_f - Nåvårsætervangen vil råke beiteområde og trekkroute for elg. Dette området har ikkje fritidsbustadar, løype-/turstignett eller andre aktivitetstilbod. Av den grunn bør viltomsyn tilleggst stor vekt i dette området. Nordvestenden av Tesse, BF01, BF05 og BF14 råker omsyn til elg og orrfugl. Der er det fritidsbygnad, turstigar og aktivitetstilbod frå før. Fylkeskommunedirektøren meiner næringsinteresser derfor vil kunne veie tyngre enn viltomsyn i desse områda.

Fylkeskommunedirektøren skriv at Både Nordsætrin og Nåvårsætervangen ligg i eit landskap med store kulturhistoriske verdiar ved Tesse og Smådalen. Landskapet er rikt på spor etter ekstensiv utnytting av utmarksressursar, som vitnar om aktivitet og busetting i området i fleire tusen år. Rike utmarksressursar i skog, fjell, vann og vassdrag har gitt gode vilkår for både jakt, fangst og fiske, jernutvinning, beite og seterdrift. Smådalen er frodig, med gode føresetnader for setring. Rundt Tesse og i Smådalen finnast steinalderlokaliteter, fangstanlegg, jernvinneanlegg, graver, samiske buplassar og spor etter beite- og seterdrift. Ved Tesse ligg det i dag 20 setre og område med grasproduksjon og beite for sau og storfe.

Fylkeskommunedirektøren skriv vidare at undersøkingane av Tesse som fiskevatn har gjeve ny kunnskap om innlandsfiske som en viktig ressurs også i forhistoria, kanskje så langt tilbake som til yngre steinalder. Kunnskap om at folk sette ut fisk så langt tilbake i tid, gir oss innblikk i ei langsiktig planlegging av bruken av landskapet.

Fylkeskommunedirektøren skriv at dei brearkeologiske funna på Kvitingskjølen er oppsiktsvekkande både i nasjonal og internasjonal samanheng. Det er ikkje langt frå Tesse til funnstaden på Kvitingskjølen, og det set funna inn i en viktig kulturhistorisk kontekst. Utgravingar av steinalderlokaliteter viser at det var aktivitet rundt vatnet så tidleg som 4500 f.Kr., på slutten av eldre steinalder, med tyngdepunkt i yngre steinalder. Buplassane var plassert rett innafor dei store sandbankane.

Fylkeskommunedirektøren skriv landskapet vurderast som veldig sårbart for ny hyttebusetting og inngrep i de tradisjonelle seterområda, som også er sårbare for attgroing. Han viser til at dette kulturlandskapet på grunn av store kulturhistoriske- biologiske og andre verdiar, er blant 17 andre i Oppland foreslått innarbeida i Riksantikvarens register for Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse (KULA).

Fylkeskommunedirektøren skriv at konsekvensutredninga viser at hyttebygging i Nordsætrin vil skje nær en av de mest aktive setergrendene i kommunen, og vil være i konflikt med landbruk, naturmiljø og naturmangfald og landskap. Han skriv at på den andre sida kan hytteutbygging i Nordsætrin være positiv for nærliggande serverings-, aktivitets- og handelstilbod. Fylkeskommunedirektøren vil ikkje motsette seg utbygging av hytteområda BF01_f og BF05_f i forbindelse med kulturminne regulert til bevaring, men ber kommunen om å innarbeide planføresegner som sikrar eit forsiktig forhold til landbruk og landskap. Fylkeskommunedirektøren skriv at føresegner bør også sikre at man her ikkje får ei utbygging på sjølve toppen, men held byggehøgda under terrengets høgaste punkt.

Fylkeskommunedirektøren skriv at kulturlandskap og kulturminnefunn bør gi grunnlag for utvikling av reiseliv i kommunen, men samtidig meiner fylkeskommunedirektøren at hytteområde BF12_f ikkje gir ei god løysing for det. Etter at konsekvensutredning (KU) ble utgreia for et enda større

hytteområde i Nåvårsetervangen ble det første byggeområdet avgrensa til eit mindre byggeområde A på ca. 219 daa. Det står i KU at den største konflikten knytt til område A er beitebruken i området. Fylkeskommunedirektøren uttrykker bekymring for at kommunen vurderer det nye hytteområdet som små landskapsinngrep, og at hytter ikkje vil være særleg eksponert. Etter Fylkeskommunedirektøren si mening står byggeområdet A med planlagde 55 hytter ganske eksponert i landskapet, særleg sett frå Tesse. Utbygging av et hytteområde med høgstandard kan, etter deira syn ha negative konsekvensar på seterdrift og skape et høgt konfliktnivå i dette særprega kulturlandskapet.

Fylkeskommunedirektøren skriv at beiteområde er svært viktige for setrene, og det er av nasjonal interesse at dei blir oppretthalde for å kunne stimulere vidare drift på setrene. Fremdeles slått og beite i seterområder er også viktig for å holde opp andre kvalitetar i landskapet. Fylkeskommunedirektøren meiner at utbygging av 55 hytter vil truleg føre til en auking av biltrafikk på Nåvårsetervangen (BF12), noko som kan skape et auka behov til større inngrep ved å utvide og forbetre vegar og andre typar infrastruktur.

Fylkeskommunedirektøren viser til at det i stortingsmelding 16 (2019–2020) er opplyst at menneskeheita påverknad på omgivnaden er no så dominerande at tap av naturmangfald og ei global klimakrise har blitt vår tids største utfordringar. Klimaendringane er forventa å forlenge vekstsesongen og føre til at kulturlandskapet gror raskare att. Det blir trekt fram betydninga av å legge til rette for at skog og andre grønne areal blir teke vare på for å auke opptaket av karbon, og at kulturlandskapet skal haldast i hevd gjennom beiting og norsk matproduksjon. Kulturmiljømeldinga i Riksantikvarens klimastrategi legg vidare vekt på betydninga av å ivareta et mangfald av kulturmiljø i areal- og samfunnsplanlegginga, og det bidraget dette vil ha i den nasjonale oppfølginga av FNs bærekraftmål.

Fylkeskommunedirektøren skriv at kommunen bør vurdere kva som bør bli tillagt mest vekt i dette særskilte tilfellet - å bygge fritidsbustadar, eller å skape føresetnadar for langsiktig ivaretaking både av seterdrift og kulturlandskap.

Omsynssone H570 – område med særlege omsyn til bevaring av kulturmiljø (føresegnene 7.2.3).

Fylkeskommunedirektøren skriv at han ser det som svært positivt at kulturminneplanarbeidet resulterer i omsynssoner og retningslinjer som er innarbeida i arealdelen. Han oppfordrar kommunen til å fortsette med dette arbeidet, samtidig vil han anbefale at kommunen utarbeider et eige temakart for kulturminne.

Fylkeskommunedirektøren meiner nasjonale kulturinteresser er tilstrekkeleg sikra gjennom framlegg til føresegnar til omsynssone H570_1 verdifullt kulturlandskap Bøverdalen. han meiner likevel at det i tillegg bør bli lagt inn ei føresegn som sikrar at store tiltak tek i vare omsynet til det særprega landskapet innafør omsynsona.

Fylkeskommunedirektøren oppfordrar kommunen til å innarbeide retningslinjer som sikrar at volum, form, materialar og farge tek i vare omsynet til lokal og tradisjonell byggeskikk i verdifulle kulturmiljø. Alternativt kan dette sikrast gjennom føresegnar knytt til arealformål fritidsbustad og bygg/anlegg. På generelt grunnlag tilrår han også kommunen til å ta i bruk omgrepet *kulturmiljø* framfor *bygningsmiljø*, slik at man sikrar ei heilskapleg tilnærming.

H570_4 og H570_5 - Bøverdalen kyrke og Garmo kyrke.

Fylkeskommunedirektøren meiner at omsynssoner rundt Garmo kyrke og Bøverdalen kyrke ikkje bør halde seg til eigedomsgrensar, og vil tilrå ei utviding av omsynssoner rundt kyrkjene som sikrar at tiltak i nærområdet tek i vare omsynet til kyrkjens sentrale plassering i landskapet.

Fylkeskommunedirektøren meiner det vil gjere planen meir føreseieleg. Føresegnene til omsynssoner H570_4 og H570_5 bør sikre at det ikkje kjem tiltak som kan ha negativ påverknad på både kyrkjer, siktelinjer mot kyrkjer og et større tilhøyrande landskap.

Fylkeskommunedirektøren sine merknadar til føresegner og retningslinjer.

Punkt 7.3.2 – Område bandlagt etter lov om kulturminne (H730).

For H730_11 – H730_576 tilrår fylkeskommunedirektøren følgjande føresegn (her omsett til nynorsk): *"Omsynssonen omfattar automatisk freda kulturminne etter kulturminnelova § 4 første ledd. Alle tiltak som er eigna til å skade, grave ut, flytte, forandre, tildekke, eller på anna måte utilbørleg skjemme automatisk freda kulturminne jf. kml § 3, er forbode utan særskild søknad og dispensasjon gjeve av regional kulturminnemyndigheit, jf. kml § 8."*

Fylkeskommunedirektøren skriv at dei ved gjennomgang av arealplanen ble det oppdaga 77 kulturminne regulert til H730 som ikkje er automatisk freda og har vernestatus uavklart. Fleire av oppføringane er enkeltgjenstandar som er fjernet frå funnstanden, mens andre registreringar er innmeldte frå lokale registrantar og ikkje kontrollsjekka av arkeolog. Fylkeskommunedirektøren skriv at det ikkje vil vere nødvendig å bandlegge dei aktuelle areala. Dei kulturminna som da er tilrådd blir teke ut av planen som H730, er oversendt som SOSI-vedlegg (H730_uavklart_vern).

Fylkeskommunedirektøren skriv at det vidare vart oppdaga fleire automatisk freda kulturminne som ikkje er regulert til H730, enten på grunn av nyare registreringsdato eller på grunn av tekniske utfordringar knytt til kulturminnedatabasen. Fylkeskommunedirektøren ber om at følgjande kulturminne blir innarbeid i planen: id 275897_2, id 275897_3, id 273402, id 273403, id 273404, id 275898, id 276988 og id 276991.

Punkt 2.9 Bevaring av bygningsmiljø og kulturminne (PBL §11-9, nr.7).

Fylkeskommunedirektøren skriv at eksisterande bygningsmasse er ein ressurs i et klimaperspektiv, i tillegg til å være viktig for bumiljøet i kommunen og sosial berekraft. I samband med det meiner fylkeskommunedirektøren at det bør det utarbeidast føresegner til kartlegging av potensialet som ligg i eksisterande bygningsmasse før det planleggast nye byggeprosjekt som inneber riving. Vidare bør det gis retningslinjer til at dokumentasjon av klimaomsyn i reguleringsplanar skal inkludere utgreiing av gjenbruk av eksisterande bygningsmasse og gjenbruk av materialar.

Generell retningslinje for kulturminne:

Fylkeskommunedirektøren ber om at kommunen innarbeider en generell retningslinje for å ivareta omsynet til den betydelege mengda med arkeologiske gjenstandsmateriale som smeltar fram frå brear og fonner i høgfjellet. Materialet er unikt i internasjonal samanheng, og gir ny og viktig kunnskap om kommunen si lange historie. Fylkeskommunedirektøren ber om at følgjande tekst vert innarbeida (her omsett til nynorsk): *"Kvart år smelter fleire arkeologiske gjenstandar og lokalitetar fram frå brear og fonner i høgfjellet. Innsamling og dokumentasjon av gjenstandar skal skje i regi av kulturminnemyndigheitene, jf. Kulturminnelovas §§ 3 og 12. Funn som vert oppdaga skal ikkje flyttast på eller samlast inn, men meldes til kulturminnemyndigheitene i Innlandet fylkeskommune. Planer, tiltak og aktivitetar som råker fjellområde med fonner og brear, skal ivareta omsynet til dette sårbare materialet, og skal bli send kulturminnemyndigheitene til uttale."*

Vassdrag

Fylkeskommunedirektøren minner om at regional plan for vassforvaltning i vassregion Glomma 2016-2021 også må føres opp som en regional føring i planomtalens kapittel 2.2.3. Til informasjon er denne planen under revisjon, og blir frå våren 2022 regional plan for vassforvaltning i Innlandet og Viken vassregion 2022-2027. Elles meiner fylkeskommunedirektøren forslaget til føresegner tek i vare omsyn til vassdrag på ein god måte, med byggegrense, kantvegetasjon og miljøkvalitet i vassdrag. Vassdragsmiljø verker også godt teke omsyn til i KU.

Fylkeskommunedirektøren viser til at planen ikkje legg opp til nye masseuttaksområder i vassdrag, men at det er mange eksisterande som er lagt inn i kommuneplanen. Jf. plandokumenta er det 7 stk. med godkjent reguleringsplan, og 7 stk. utan reguleringsplan (godkjent gjennom kommunedelplan for sand, stein og grus i Lom (1997)). Sidaen ingen av uttaka er nye er dei ikkje omtalt i KU, og slik fylkeskommunedirektøren lesar føresegnene er det ikkje sett krav om utarbeiding av reguleringsplan med mindre uttaksområda er nye eller blir vesentleg utvida. Fylkeskommunedirektøren oppfordrar sterkt til at kommunen tar en gjennomgang og en ny vurdering av de masseuttaksområda som ikkje har reguleringsplan, med fokus på behov, konfliktnivå og kunnskapsgrunnlag. Fleire av dei eksisterande uttaksområda har vore i drift i mange år, og det er lenge sidan dei vart godkjent i kommunedelplan. Fylkeskommunedirektøren meiner det dermed ikkje er usannsynleg at det nokre stader har blitt et forbetra kunnskapsgrunnlag eller et endra behov. Dei masseuttaksområda som ikkje er regulert har ikkje føresegner som gir rammer for uttaket, og derav ingen avbøtande reglar knytt til uttaksmengde, tidspunkt etc. Eventuelle negative konsekvensar er ikkje vurdert, og de er heller ikkje vurdert opp mot vannforskrifta §§ 4-7 og evt. § 12. Fylkeskommunedirektøren meiner eit anna spørsmål er om det også på sikt burde bli teke ei gjennomgang av de masseuttaksområda som har reguleringsplan, for å sjå på kunnskapsgrunnlaget og om de inkluderer tilstrekkelege avbøtande regelverk.

31 Nasjonalparkstyret for Reinheimen, brev 29.09.2021 (dok. nr. 61).

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har i møte 24.09.21, behandla uttale til arealdelen for kommuneplan i Lom 2021-2030, og gjort slik vedtak i saka:

Det er positivt at planen ikkje legg opp til større utbyggingar eller andre tiltak som vil påverke verneområdet negativt, eller skape auka trafikk i villrein sitt leveområde, og i kulturlandskapsområder der det er ei aktiv beitebruksnæring.

Sidan det eksisterer mange byggverk av ulik karakter i verneområda, vil enkelttiltak kunne utløyse søknadsplikt etter verneforskrift, og i mange tilfelle også parallell vurdering etter både PBL og verneforskrift. For å sikre effektiv saksbehandling og tilstrekkeleg informasjon til både saksbehandlar og søkerar, har nasjonalparkstyret følgjande merknad til planføresegnene:

3.1.4 Antenner, vindmøller m.m. (PBL § 11-9, nr. 6): Det bør leggest til i føresegnene at denne generelle opninga for antenner og vindmøller ikkje gjeld for hytter/bygningar innan verneområda. Her må det søkast om dispensasjon frå verneforskrift, og generelt vil dette ofte vera innretningar som kan påverke verneverdien i landskapet negativt.

3.3.3 Føresegner for inngjerding av fritidsbustadar (PBL § 11-9, nr. 6): Det bør presiserast i føresegnene under f) at inngjerding av hytter og buer i verneområde er forbode og krev dispensasjon frå verneforskrift. Innafor Finndalen landskapsvernområde er også bygging av terrasse, veranda og platting forbode og krev dispensasjon frå verneforskrift.

3.7 Område for råstoffutvinning (M54 og M95):

Når det gjeld masseuttak i Finndalen bør det i føresegnene gå fram at det skal søkjast vernemyndigheita om uttak av lausmassar frå områda M54 og M95 avsett til formålet gjennom forvaltningsplan for Reinheimen.

Det er positivt at det i føresegnene, pkt. 5.1.2, h) er presisert at det er krav om søknad og godkjenning frå vernemyndigheita for alle tiltak i område verna etter naturmangfaldlova.

I områder som er bandlagt etter naturmangfaldlova (H720) vil mange tiltak krevje godkjenning etter fleire lovverk, t.d. naturmangfaldlova, verneforskrift, fjellova, seterforskrift og PBL. Sidan det er fleire store verneområde i kommunen, med byggverk og anlegg i ulike former bør det i innleiinga til kommuneplanen sine føresegner, utformast ein tekst som presiserar kva for tiltak som skal behandlast etter fleire lovverk.

32 Setereigarar i Fugleseterområdet i Vågå, brev 30.09.2021 (dok. nr. 62).

Dei som har underskrive brevet er: Per Sveahaugen, Svein Ove Brun, Åsmund Brun, Berit Gutubø, Ola Kvarberg, Ulf Ryen og Anne Helene Haugen.

Setereigarane i Fugleseterområdet i Vågå viser til at det i planen er forslag om område 55 fritidsbustadar på Nåvårsetervangen like ved grensa til Vågå. Dei meiner deira interesser vil bli råka av desse planane.

Dei viser til at Fugleseter er eit gammalt seterområde, utan hyttefelt. I konsekvensutgreiinga frå Lom kommune brukar dei ordet «jomfrueleg» om Nåvårseterområdet. Setereigarane i Fugleseter meiner dette passer godt på heile området. Dei meiner det da er heilt utruleg at saksbehandlinga konkluderer med at Nåvårsetervangen er eit av områda dei tilrår å bygge ut. Setereigarane i Fugleseter meiner ei slik utbygging vil øydelegge heile området, og at området da i alle fall ikkje lengre kunne omtalast som jomfrueleg.

Setereigarane i Fugleseter peikar på at det er store utfordringar med å drive beitebruk i område med fritidsbustader. Dei skriv at i deira seterområde beiter om lag 1600 sau og 100 storfe.

Dei peikar på at det il konsekvensutgreiinga om Nåvårsetervangen ikkje er eit ord om at det her er setre i aktiv bruk med mjølkeproduksjon. For dei som driv mjølking på setra, så er området rundt setrene ekstra viktig. Dei skriv at eit viktig beiteområde blir borte for dei som nyttar dette området, men og at auka ferdsel gjer at eit mykje større område enn berre hyttefeltet blir forringa som beiteareal. Dei skriv at auka ferdsel vil det også bli i deira beiteområde, der vi allereie er plaga med laushundar og skade på beitedyr. Dei viser til at det er slept mange beitedyr ved Tesse, og det er ein del overbeiting mot Vågå. Ved ei stor hytteutbygging vil dette truleg auke. Setereigarane i Fugleseter spør seg om Lom har tenkt å utvide beitearealet over kommunegrensa?

Setereigarane i Fugleseter viser til at området rundt Tesse er med i Riksantikvaren si høyring om KULA registeret. Det skal bli ei oversikt over kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse. Dei meiner det er underleg at Lom Kommune vil gå inn for hyttebygging i eit slikt område.

Setereigarane i Fugleseter viser til at det i Vågå kommune sin arealplan er deira område vurdert som eit LNF-område med omsynssone med særleg viktig naturmiljø. Dette er berre

nokre meter frå det planlagde hyttefeltet. Dei påpeikar at det kan sjå ut som det er svært ulike vurderingar av same området,

Setereigarane i Fugleseter ber om at BF 12 Nåvårsetervangen blir teke ut av arealdelplan som område for fritidsbustader.

33 Naturvernforbundet i Ottadalen og Sel, brev 30.09.2021 (dok. nr. 63).

Naturvernforbundet skriv at uttala i hovudsak dreiar seg om forslag til hyttefelta Nåvårsetervangen, Nordsetrene, Bjønnskardet, Lunnarbakken/Hardbakkjen og Leirhøe – Borgakampen.

Naturvernforbundet skriv at dei generelt er sterkt kritisk til all nedbygging av naturareal og dyrkbar mark som er føreslege i arealplanen, og dei er særleg kritiske til høgstandard-hytter.

Naturvernforbundet meiner det er sterkt bekymringsverdig at Lom kommune nå vurderer å opne for hyttebygging i verdifulle natur/friluft- og beiteområde, i det dei meiner er i strid med overordna retningslinjer for hyttepolitikk og på tvers av det Lom kommune hittil har stått for med omsyn til en god og restriktiv haldning til hyttebygging.

Naturvernforbundet skriv vidare mellom anna at dagens bygging av fritidsbustadar ikkje er natur- eller klimavenleg. Dei skriv at fritidsbustadane nesten alltid vert lagt slik, at dyr og planter vert frårøva stadig større og viktige leveområde. Dei skriv at talet på fritidsbustadar i Norge nærmar seg no omkring 500.000, og Innlandet er i toppen når det gjeld talet på fritidsbustadar. Dei viser til at ein stor del av desse er høgstandardbustadar med innlagt straum. Mange må køyre svært langt for å kome til fritidsbustadane. Bruken av snøskutarar og motorisert preparering av skiløyper er aukande. Naturvernforbundet skriv at dette medfører eit stort forbruk av energi og utslepp av klimagassar, noko som i sin tur legg eit ytterlegere press på naturen. Naturvernforbundet vil be Lom kommune i samarbeid med nabokommunane, om å bygge vidare i allereie påbegynte utbyggingsområde, i staden for å tillate fritidsbustadar i nye naturområde.

Naturvernforbundet peikar mellom anna vidare på at Lom kommune har hatt en restriktiv og god politikk med omsyn til hyttefelt, og dei synes det er tankevekkande at kommunen nå opnar opp for mange hyttefelt utan at man har utarbeida ein heilskapleg plan for hyttebygging og turisme i Lom. Naturvernforbundet meiner ein slik plan bør være på plass før ein vurderer å opne naturområde for hyttebygging. Ved vurderinga av kor vidt ein skal opne opp for hyttefelt, må kommunen sannsynleggjere at føremonen ved slik hyttebygging vegar opp for tap av naturareal og naturmangfald, inkludert tap av gode beiteområde som er en viktig naturressurs å verne om for framtida.

Naturvernforbundet skriv at undersøkingar frå store hyttekommunar har vist at det å tillate storstilt utbygging av fritidsbustadar ikkje nødvendigvis gir økte inntekter for kommunen. Dei skriv at det tvert om kan det auke presset på kommunale tenester og oppgåver, utan at det vert kompensert med inntekter frå «hyttefolket». For Naturvernforbundet kan det sjå ut som hyttebygginga i Lom nå kan skje utan nokon langsiktig, samla strategi og plan, og utan budsjetter og rekneskap. Naturvernforbundet skriv at kommunestyret trur at man vil tene pengar på hytteetableringar/hytteigarane, men politikarane veit det ikkje.

Naturvernforbundet stiller seg spørsmål om kva for eit naturfagleg kunnskapsgrunnlag har administrasjonen gjort sine vurderingar ut frå, sidan dei tilrår avsetting av fleire viktige og

urørte naturområde til hyttefelt. Dei meiner kommunen openbart ikkje har teke inn over seg at de føreslegne hyttefelte vil generere trafikk og aktivitet langt ut over det avsette arealet som byggast ned, og meiner at summen av konsekvensar for naturmiljø og naturmangfald må vurderast til klart negativt for alle felt som er føreslege.

Naturvernforbundet åttvarar mot ljosforureining frå alle hyttefelt som er foreslått.

Naturvernforbundet skriv at dersom forslaga til arealplan vert vedteke, vil lokalbefolkninga tape det som i dag er fredelege og bygdenære friluft- og rekreasjonsområde. En storstilt utbygging av fritidsbustadar i området rundt Tesse vil føre til at dette spesielle og fine naturområdet i stor grad blir privatisert (gjennom hyttebygging) og lokalbefolkninga vil tape det unike som nå pregar fjellet her; at det er fredeleg og i stor grad urørt.

Naturvernforbundet meiner det er kritikkverdig at klimaperspektivet ikkje er vurdert når ein foreslår avsett naturareal til hyttebygging. Dei meiner at hyttefelt i urørt natur og viktige beiteområde er ikkje noko vi kan tillate med dagens klima- og naturkrise.

Klimaregnskap bør inngå i en heilskapleg plan for fritidsbusetnad i Lom kommune. Stikkord for det som Naturvernforbundet nemnar at minimum bør vera med er : hogst av skog/verneskog, graving i myr, nedbygging av beitemark, ressurs-/ energikrevjande fritidsbustadar, etablering av infrastruktur som veg, elektrisitet, vann og kloakk, lading for el-biler, internett.

Naturvernforbundet peikar på at dei føreslegne hyttefelte alle vil innebere auka biltrafikk, og ingen av dem er tilknytt kollektive tilbod eller annan (fullgod) etablert infrastruktur. Dei meiner at ein eventuell etablering av hyttefelt/tomter for hytter bør bli knytt til eksisterande utbyggingar av bustadar og infrastruktur, inkludert kollektive transporttilbod.

[Bjønnskardet BF14_f](#)

Naturvernforbundet viser til at det på i område BF14 Bjønnskardet er det foreslått eit hyttefelt på vel 90 dekar og med opptil 48 hyttetomter Naturvernforbundet meiner at eit hyttefelt i Bjønnskardet vil være negativt av omsyn til elg og orrfugl, og innebere et forsterka press på desse artene ettersom det allereie er bygd mange hytter her (på Vågåsida). Naturvernforbundet påpeikar at det manglar en nærare undersøking av naturverdiar i dette området, noko som uansett bør gjennomførast før ein vurderer å tillate ytterlegare utbyggingar her.

[Nåvårsetervangen BF12_f](#)

Naturvernforbundet viser til at det på Nåvårsetervangen er foreslått eit hyttefelt på 219 dekar og med inntil 55 hyttetomter. Det er et forslag dei protesterer på det sterkaste mot. Dei viser til at administrasjonen sjølv beskriv området som jomfrueleg, utan fritidsbustadar, løyper/turstigar eller andre aktivitetstilbod. Naturvernforbundet vil føye til at det ligger nær høgfjellet og i randsona for Jotunheimen nasjonalpark.

Naturvernforbundet peiker på at eit hyttefelt her vil råke og forstyrre beiteområde og trekkroute for elg. Det er også registrert (observasjon) en viktig trekkplass (vatn) for trekkfugl, og hekkeområde for kongeørn nær det hyttefeltet som er føreslege.

Naturvernforbundet skriv at i Vågå kommunes arealplan er området som støytar til Nåvårsetervangen definert som LNF-område med omsynssone med særleg verdifullt naturmiljø, område for vinterelg, og utvalde naturtypar og prioriterte arter, samt særleg verdifullt landskap (eskerar). Naturvernforbundet stiller seg spørsmål om det er nokon grunn

til å tru at disse verdifulle naturverdiane stopper på Vågågrensa, nokon meter frå Nåvårsetervangen. Naturvernforbundet stiller seg undrande til at Lom kommune i det hele tatt kan tenke tanken på å tillate hyttebygging i et slikt naturområde.

Naturvernforbundet skriv at dei seier seg samde med og gjer merksam på uttala frå Innlandet fylkeskommune knytt til forslaget om hyttefelt på Nåvårsetervangen, og siterer frå denne. Dei skriv at dei slutar seg til fylkeskommunen sin konklusjon, og krev at det ikkje blir opna for hyttebygging ved Nåvårsetervangen.

[Nordsetrene BF01_f og BF05_f.](#)

Naturvernforbundet viser til at det her er foreslått hyttefelt på til saman 206 dekar og med inntil 36 hyttetomter.

Dei skriv at som for Bjønnskardet og Nåvårsetervangen, vil eit hyttefelt også her være negativt for elgen, og presse den bort frå gamle trekkveggar og beiteområde. Frå ein ornitologisk ståstad er det særleg den lokale bestanden av orrfugl og lirype dei er uroa for. Dei skriv at utbygging vil legge beslag på viktige leveområde for fuglane. Dei skriv at orrfuglen mellom anna nyttar deler av dei råka områda som spel- og oppvekstområde. NOF skriv at for lirypa er furuskogen en kjærkommen vinterbiotop som gir le og mat, spesielt når det blåser og snør som verst. Andre fugleslag Norsk Ornitologisk Forening har observert i dei planlagde utbyggingsområda er jaktfalk, tårnfalk, varslar, trane, snøsporv, nøtteskrike, lavskrike, flaggspett, blåstrupe, lausvargar, kjøttmeis og blåmeis.

Naturvernforbundet seier seg samd med Innlandet Fylkeskommune som mellom anna annet nemner dette i sin uttale til arealplanen: «Landskapet (Nordsetrene) vurderes som veldig sårbart for ny hyttebosetting og inngrep i de tradisjonelle seter områdene, som også er sårbare for gjengroing.» «Konsekvensutredningen viser at hyttebygging i Nordsætrin vil skje nær en av de mest aktive setergrendene i kommunen, og vil være i konflikt med landbruk, naturmiljø og naturmangfold og landskap.»

Naturvernforbundet ber om at Nordsetrene tas ut av arealplanen som areal for hyttebygging.

Naturvernforbundet finn det underleg at Lom kommune i sin saksutredning og forslag til hyttefelt ikkje nemner riksantikvarens uttale om Tesse-området som et kulturhistorisk område av nasjonal verdi, all den tid kommunen nettopp har gjeve ei høringsuttale til riksantikvaren om kor vidt Tesse og Smådalen skal registrerast i et slikt nasjonalt register. Naturvernforbundet meiner dette er en negativ hake ved saksbehandlinga, som vitnar om ein manglande forståing for kor viktig kulturlandskapet her er – også for framtida.

[Lunnarplassen – Hardbakkjen BF08_f](#)

Naturvernforbundet viser til at det her er foreslått eit hyttefelt på 91 dekar og med inntil 30 hyttetomter.

Naturvernforbundet skriv at det her igjen er foreslått hyttefelt i et viktig beiteområde og kulturlandskap, noko som i seg sjølv er uforståeleg med tanke på kor viktig slike områder er for bygda, framtidig produksjon av berekraftig mat, og for vern om de mange artene som lever i slike kulturområde.

Naturvernforbundet peikar på at det ikkje er gjort spesifikke undersøkingar med tanke på sårbare og trua arter i dette området, men gjeve området verdi som beiteland og

kulturlandskap må Naturvernforbundet anta at området er viktig for mange arter som har sitt livsrom i slike kulturlandskap.

Naturvernforbundet ber om at Lunnarplassen – Hardbakkjen tas ut av arealplanen som hyttefelt.

Leirhøe-Borgakampen BF13

Naturvernforbundet skriv at sjølv om FB13 Leirhøe – Borgakampen ikkje er foreslått i planen, vil dei likevel gi ein kommentar til dette området.

Naturvernforbundet gjer merksam på at dette området er spesielt stort samanlikna med dei andre planlagde hytteområda, heile 4830 daa. Dei meiner dette store området er spesielt sårbart og dårleg utgreia, det verkar som om ein har basert seg på tidlegare observasjonar av artar og liknande, utan å saumfare området spesielt.

Naturvernforbundet peikar på at det går ei kalkrik sone heile vegen frå Bøvertun-området via Brangsdalen, forbi Jotunheimen Fjellstue mot Leiråsen. Kalkspatmarmor og skifer gjev grunnlag for stor artsrikdom for planter, og gjev ekstra godt beite for rein og andre beitedyr.

Naturvernforbundet peikar på at det i saksutgreiinga står at det ikkje er registrert verdifull naturtype i området, og ingen særskilte geologiske verneverdiar. Dei skriv at dette er feil, da området har fleire kalkgrotter og karstførekomstar. Naturvernforbundet viser til at grotter er ein raudlista naturtype.

Elles peikar Naturvernforbundet på at det er mykje myr i dette store området, og at det er vanskeleg å lage hyttetomt her utan store inngrep. Dei skriv at prøver av gamle, store tre i myra midt i området vart tekne da forskarane var på besøk. Analysesvar for desse prøvane er ikkje kjende. Naturvernforbundet viser til at ei trestamme i ei tjønn 4 km unna vart datert for nokre år sidan, og den var 8000 år gamal.

Naturvernforbundet ber om at Leirhøe – Borgakampen heller ikkje på noko seinare tidspunkt tas inn i arealplanen som areal for hyttebygging.

34 Vågå Bonde- og Småbrukarlag, brev 30.09.2021 (dok. nr. 64).

Vågå Bonde- og Småbrukarlag viser til at det forslaget til arealdel for kommuneplan for Lom, er foreslått eit nytt område for fritidsbustader, BF 12 Nåvårsetervangen, som er planlagt med 55 høgstandardhytter.

Vågå Bonde- og Småbrukarlag skriv at dette vil opne eit nytt område for fritidsbustader, midt i eit tradisjonelt seterområde på grensa mellom Lom og Vågå. Det ligg nær høg fjellet og er randsone til Jotunheimen Nasjonalpark.

Vågå Bonde- og Småbrukarlag påpeikar at dette er viktige beiteområde for både Lom og Vågå. Det skriv at mange har erfart store utfordringar med å drive setring og beitebruk i områder med fritidsbustader. Auka ferdsel og aktivitet gjer at eit mykje større område enn berre hyttefeltet blir råka av utbygginga. Dei skriv at den planlagde utbygginga derfor vil råke seter- og beitebrukare i Vågå. Vågå Bonde- og Småbrukarlag peikar på at det ikkje er vurdert konsekvensane ei slik stor utbygging har for områda vidt omkring.

Vågå Bonde- og Småbrukarlag peikar på at området i konsekvensutgreiinga er omtala som «jomfrueleg». Dei viser til at landskapsområdet rundt Tesse, er eit kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse. Riksantikvaren foreslår dette som eit av områda som skal vere med i KULA-registeret. Kula-registeret vil bli ein del av eit offentleg kunnskapsgrunnlag, og eit

viktig grunnlag i areal- og sektorplanlegging. I arealdelen si konsekvensutgreiing er ikkje riksantikvaren si høyring om KULA vurdert. Vågå Bonde- og Småbrukarlag meiner at hyttebygging i eit slikt område skulle vera lite aktuelt.

Vågå Bonde- og Småbrukarlag peikar på at området BF 12 Nåvårsetervangen ligg like ved kommunegrensa til Vågå. I kommuneplan for Vågå, så er dette området avsett som LNF-område med omsynssone med særleg viktig naturmiljø. Vågå Bonde- og Småbrukarlag synast det er vanskeleg å forstå at Vågå og Lom vurderer dette området så forskjellig. Vågå registrerer det som særleg viktig, medan Lom Kommune går for ei storstila hyttebygging nokre meter bortanfor.

Vågå Bonde- og Småbrukarlag peikar på at det er tradisjonell setring med mjølkeproduksjon på mange av setrene ved Tesse, noko som ikkje kjem fram i konsekvensvurderinga.

Vågå Bonde- og Småbrukarlag viser til vurderinga Lom kommunehar gjort av samla konsekvensar for jord og skogbruk i planforslaget, der det står: *«Fleire av områda som er spelt inn som utbyggingsområde for fritidsbustader ligg i område som beitebruksplanen viser er viktige for utmarksbeite, på Nordseter, Nåvårseter, Meadalen. Dei fem områda som etter konsekvensutgreiing er føreslege å bli med vidare i høyringsforslaget som byggeområde for fritidsbustader ligg alle ved seterområde, men er ikkje vurdert å ligge i dei mest sentrale, beste/rikaste og mest nytta delane av beitearealet her i dag.»*. Vågå Bonde- og Småbrukarlag meiner denne konklusjonen bør revurderast, da dette er svært aktive seterområder.

Vågå Bonde- og Småbrukarlag viser til konsekvensutgreiinga for kvar enkelt tiltak: BF 12 Nåvårsetervangen, og skriv at det her ikkje står eit ord om at det er like ved fleire gamle setre, der det er aktiv setring og mjølkeproduksjon. I vurderinga av konsekvens for jordbruk er det vurdert som middels negativ konsekvens. Vågå Bonde- og Småbrukarlag meiner dette burde oppgraderast til stor negativ konsekvens.

Vågå Bonde- og Småbrukarlag meiner at i ei tid med klimautfordringar og fokus på berekraftig matproduksjon, så må det å verne om utmarksbeite kome mykje høgare på den politiske agendaen både lokalt og sentralt.


Vågå Bonde og Småbrukarlag ber om at området BF 12 Nåvårsetervangen går ut av arealplan som eit område for fritidsbustader.

35 Storhaugen gard AS, e-post 30.09.2021 (dok. nr. 66).

Eigar av Storhaugen gard AS sender, etter tidlegare å ha vore i kontakt med kommunen, kart over areal som han ønskjer utlagt for næringsverksemd i kommuneplanens arealdel for seinare å bli delt frå garden. Forslaget omfattar ønske om frådelling av om lag 264 dekar av GID 111/1 Storhaugen, som ligg i tilknytning til næringseigedomen GID 111/10 som han tidlegare har fått delt frå og i Gadde, slik at næringsareal blir på totalt 280 dekar. 41 dekar av dette arealet er vist som innmarksbeite i jordregisteret (AR5), og noko er kartlagt som dyrkbart. I kommuneplanen for Galdesanden-Raubergstulen frå 1999 ligg 84 dekar av dette arealet som næring, 21 dekar som idrettsanlegg (del av alpinbakke) og 173 dekar er LNF.

I tillegg ønskjer han å dele frå om lag 7 dekar sør for gardstunet nær Vesljuva. Heile dette arealet er vist som innmarksbeite på marklagskartet, og ligg som LNF i kommunedelplanen.


Søkjar skriv at areala med innmarksbeite har mykje stein og har tynt vekstlag, slik at han vurderer arealet ikkje å vere dyrkbar jord og ikkje lett å nytte for landbruksformål. Han har lagt ved ei rekke med foto som dokumentasjon av dette.



Kartvedlegg til innspelet frå Storhaugen gard AS.

36 Brimi Fjellstugu AS , e-post 30.09.2021 (dok. nr. 67).

Brimi Fjellstugu AS oversendar kopi av ein søknad dei har send Statskog som dei skriv er innspel til kommuneplanens arealdel i Lom kommune i samband med rulleringa. Dei skriv dei planlegg eit nytt garasjebygg og ønskjer dette plassert på eit areal sørvest for fjellstugu. Dei skriv at dei frå tidlegare har fått godkjend framtidig næringsareal nord-vest for fjellstugu, og ønskjer å gje frå seg noko av dette arealet til bytte mot arealet i sørvest.



Kartvedlegg til innspelet frå Brimi Fjellstugu AS.

Brimi Fjellstugu AS skriv at grunnen til ønskje om forflyttinga er fleire. Først og fremst ønskjer dei å bevare fjellutsikta frå eksisterande rom. Ved å leggje garasjelegget som vist på kartet, vil dei kunne få alt av reiskap og køyretøy innomhus og vekk frå gardsplassen. Dei skriv at arealet dei har valt allereie er brukt til utadørs lagring frå gamalt av. Dei meiner også at i dette området, vil eit lågt garasjebygg ikkje vere til sjenanse for andre, og eigne seg betre vinterstid med omsyn til verforhalda på snaufjellet.